

Sektor for oppvekst



*TILSTANDSRAPPORT
BARN OG UNGE*

2021



**Volda
kommune**

Innleiing

Volda kommune har trygge barn og unge, som deltek, meistarar og lærer.

Dette er visjonen tenestene i sektoren arbeider mot. Alle i sektoren skal bidra til at barn, unge og vaksne har tru på framtida og mogelegheitene som ligg der: At dei meistarar sjølve livet.

Å vere trygg handlar om omsorg, om å bli sett og anerkjent som menneske, samt å utvikle seg og delta i ein sosial fellesskap.

Våre trygge, tilgjengelege og kompetente tilsette, i barnevernet, på helsestasjonen, i barnehagen og i skulen, skal vere til støtte for barn og ungdom frå fødselen og fram til eit meiningsfullt vaksenliv.

Dette er andre året sektor oppvekst legg fram ein samla tilstandsrapport som gjeld barn og unge. Tidlegare var det berre grunnskuleområdet som hadde lovkrav om å legge fram tilstandsrapport. Frå 2021 gjeld dette også barnevernstenesta.

Fire avdelingar i sektoren, som rettar sine tenester mot barn og unge, vil i det følgjande rapportere utifrå tre ulike forståingar av kvalitet; strukturkvalitet, prosesskvalitet og resultatkvalitet. Desse forstår vi stikkordsmessig slik:

Strukturkvalitet

- *Tilhøve som kan knytast til strukturen som produserer tenesta*
- *Kompetanse*
- *Tal tilsette*
- *Samanlikning med andre kommunar, tal henta frå KOSTRA, SSB, GSI, BASIL, anna*

Prosesskvalitet

- *Handlar om tenesta sin indre aktivitet, sjølve arbeidet med tenesteytinga*
- *Alle handlingar som vert utført for å yte ei god teneste*
- *Kan t.d vere organisering av arbeidet, oversikt og rutinar, metodebruk og klare ansvarsforhold*
- *Medverknad frå barn og unge*

Resultatkvalitet

- *Alle undersøkingar som seier noko om resultatata her og no*
- *Resultatkvalitet er det vi ønskjer å oppnå, og kva brukarundersøkingar fortel oss om resultatoppnåing*


I rapporten får lesaren informasjon om tenestene og kvaliteten ut i frå tilgjengelege kvalitetsindikatorar.

Barnevern

Søre Sunnmøre barnevernssamarbeid har sidan 2014 vore ei interkommunal teneste med kommunane Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta med Volda kommune som vertskommune. Frå 01.01.2020 kom Sande kommune inn i samarbeidet. Frå same dato har tenesta vore ein del av sektor oppvekst i Volda kommune.

Personalet er organisert og oppdelt i seksjonar, der ein arbeider etter fasane i ei barnevernssak. Kvar seksjon har sin leiar.

Organisasjonskart



Strukturkvalitet

Kompetanse

Fleirtalet av dei fagtilsette i barnevernstenesta har grunnutdanning som barnevernspedagog eller sosionom. To tilsette har anna treårig høgskuleutdanning. Mange tilsette har vidareutdanning som er relevant for fagfeltet. I tenesta sitt famileteam er det lagt vekt på at dei tilsette har vidare - og etterutdanning som gir særleg kompetanse i høve endringsarbeid med familiar.



Tenesta tek del i Bufdir si kompetansesatsing retta mot kommunalt barnevern. Denne satsinga er ein del av regjeringa si førebuing av kommunane i høve barnevernsreforma som vert sett i verk i 2022. Den inneheld mellom anna tilskot til utvalde vidareutdanningar og læringsnettverk for kommunane i samarbeid med Statsforvaltaren, KS og Høgskulen i Volda.

I 2021 har to tilsette vore i gang med vidareutdanning med tilskot frå kompetansesatsinga.

Tenesta har på vegne av alle kommunane i Møre og Romsdal teke ansvar for eit eige prosjekt i læringsnettverket som har som mandat å greie ut og utvikle ein modell for samarbeid om rettleiing av fosterheimar og styrking av kommunane sin kompetanse i høve til dette. I 2021 vart det avgjort at Volda i samarbeid med Ålesund skal ha ansvar for rettleiingsgrupper for fosterforeldre på Sunnmøre.

Tilsette delteke på ulike typar kurs og fagsamlingar, og det har vore interne fagdagar. Grunna korona har dette stort sett vore på video.

Kvart år vert det valt eit fagleg tema som får særleg merksemd. Tenesta sitt faglege tema for 2021 var dokumentasjon. Det vart sett av to interne fagdagar med dette som tema, samt at det også var tema i kvar seksjon sine eigne fagdagar.

Tabell over tal årsverk i tenesta 2021

	Årsverk
Kontorfagleg	2,0
Fagstillingar	36,6
EM Opp Ørsta/Volda	4,2*
Barnevernstenesta	42,3

*EM: tal årsverk var på 4,2 ved starten av året og vart så gradvis trappa ned til årskiftet.

Samanliknande tal

Tala er henta frå Bufdir sin kommunemonitor 2021, som hentar sine tal frå Kostra. Tal i raudt er frå 2020

Indikatorar		Fylket	Hareid	Sande	Ulstein	Volda	Ørsta
Prioritering	Del av kommunen sine totale utgifter brukt til barnevern	2,7 %	4,2 %	2,4 %	2,9 %	2,1 %	2,6 %
Dekningsgrad	Tal på meldingar i forhold til barnetal i kommunen	3,6 %	4 %	2,8 %	2,8 %	3,9 %	4,2%
	Barn med barnevernstiltak av befolkninga 0-17 år	3,9 %	6,2 %	5,5 %	3,2 %	3,7 %	5 %
	Del barn med undersøkingar av befolkninga 0-17 år	3,7 %	4,6 %	3,2 %	3,7 %	4,2 %	4,6 %
	Del barn med hjelpetiltak i heimen av barn med tiltak frå bv.tenesta 0-17 år	77 %	83,1 %	86,2 %	82,3 %	90,1 %	84,5 %
	Andel barn som bur utanfor heimen av befolkninga 0-17 år	0,9 %	1%	0,9 %	0,6 %	0,4 %	0,8 %

Prosesskvalitet

Som organisasjonskartet viser, er tenesta organisert i seksjonar, som arbeider etter fasane i ei barnevernssak. Det er sett inn tiltak for å sikre at det er godt samarbeid mellom seksjonane og dei tilsette kjenner ansvar for korleis tenesta fungerer som heilskap. Seksjonsleiarane er samla i tenesta sitt leiarteam, som samarbeider tett om tenesta si daglege drift og er retningsgjevande for fagleg utvikling, økonomisk drift og ivaretakinge arbeidsmiljø.

Det er rettleiingsgrupper på tvers av seksjonane, og seksjonen følgjer sakene så lenge barna treng det i overgangen til ny fase. Det vert bidrege inn i kvarandre sine problemstillingar, og seksjonsleiarane har overføringsmøte kvar veke.

I 2019 vart organiseringa av tenesta vurdert, og det kom fram at det var behov for tiltak for å sikre god leiarstøtte til konsulentane. Seksjon tiltak vart frå 2020 delt i to med kvar sine leiarar. Ein leiar har hatt ansvar for tiltakssaker og tenesta sitt familieteam og ein leiar har hatt ansvar for tiltakssaker og tenesta sitt tiltak retta mot *Einsleg mindreårige i Volda og Ørsta*.

Tenesta arbeider stadig med å evaluere eige arbeid for å bli meir effektiv og for å finne gode metodar for å arbeide kreativt og målretta. Kvar seksjon har fagmøte kvar veke. Alle fagtilsette har faste tider for saksrettleiing med sin seksjonseiar og har tilbod om fagleg rettleiing i gruppe med ekstern rettleiar. Oppsummering av medarbeidersamtalane vert nytta som innspel til evaluering av tenesta sitt arbeid og til tenesteutvikling. Det er arbeid med organisasjonsutvikling, og dette held fram som ein kontinuerlig prosess i målet om å vere ein lærande organisasjon med eit godt arbeidsmiljø.

Medverknad frå barn og unge

Lov om barnevernstenester gir barn klare rettar i høve brukarmedverknad. Tenesta er oppteken av å involvere barnet og gi plass til barnet si stemme. Det er lagt inn eigne felt i malar for rapportar, vedtak o.l for å sikre at barnet sin stemme vert dokumentert i kvar sak. Det er eigne skjema for tilbakemelding frå barna og samarbeidet med dei.

Tenesta arbeider stadig for å bli betre på dette, og har arbeid med å få plass gode rutinar for medverknad. Det er bestemt at brukarmedverknad skal vere fagleg tema 2022.



Tverrfagleg og førebyggjande arbeid

Barnevernstenesta ser i sitt daglege arbeid at det er svært viktig at barna og familiarne som treng hjelp møter tilsette i kommunen som kjenner kvarande og samhandlar til barnet sitt beste. Tenesta er difor oppteken av å bidra til tverrfagleg og førebyggjande arbeid i samarbeidskommunane. Det vert teke ansvar for dette både i arbeidet med kvart einskild barn og på systemnivå.

Barnevernstenesta har faste samarbeidsmøte med alle instansar som arbeider med barn og unge i samarbeidskommunane. Alle barnehagane og skulane, samt andre instansar, har sin eigen kontaktperson i barnevernstenesta. Dette for at terskelen for å ta kontakt skal vere så låg som mogleg. Kontaktpersonane møter til dømes på foreldremøte, personalmøte og i andre samanhengar for å informere om tenesta sitt arbeid. Tenesta har også representantar i faste samhandlingsgrupper i skule/barnehage i dei kommunane som har det.

Tenesta har inngått avtale om samarbeid med tannhelsetenesta, helsestasjonane, NAV og familievernkontoret. Politiet og barnevernstenesta har faste månadlege møte. Det er sett opp avtale om faste møte mellom BUP Volda, Herøy og Vanylven barnevernsteneste og Søre Sunnmøre barnevern. Sosialarbeidarstudentar har fått praksis i barnevernstenesta, og studentar frå høgskulen vert teke imot ved ulike høve når dei tek kontakt.

Barnevernsvakt

Barnevernsvakt for alle kommunane på Sunnmøre vart etablert desember 2019 med Ålesund som vertskommune. Barnevernsvakta har motteke 215 meldingar som gjeld barn frå våre kommunar i 2021. Fordelt pr. kommune vert tala slik:

Hareid:	75
Sande:	13
Ulstein:	30
Volda:	39
Ørsta:	58

Barnevernstenesta er svært nøgd med samarbeidet med barnevernsvakta og ser at det avlastar og fører til færre akutte saker. Dei tilsette ved barnevernsvakta har god kompetanse på akuttarbeid, og klarer i stor grad å roe ned situasjonar og gi god rettleiing til dei som vender seg til dei.

Seksjon mottak og undersøking

Teamet tek i mot og går gjennom meldingar i samarbeid med leiarteamet i tenesta. Teamet har ansvar for å gjennomføre undersøkingar. Dei fleste meldingane vert undersøkt og det blir stilt store krav til den faglege kvaliteten i undersøkinga. Ein legg vekt på å snakke med barna i alle undersøkingar, og det skal kome tydeleg fram i arbeidet; kva barna seier om sin situasjon. Endringane som lover og føreskrifter legg opp til er førande for arbeidet.

Talet på meldingar har auka. I 2014 fekk tenesta 281 meldingar om uro for barn. I 2021 har dette auka til 681 meldingar.

Hausten 2020 auka talet meldingar kraftig, denne aukinga haldt fram gjennom 2021. Mange av meldingane gjaldt vald, konflikt og rus. Det er sett inn tiltak både organisatorisk og fagleg, og ein vonar at tenesta skal kome seg gjennom dette slik at ein får gitt barna rett hjelp til rett tid.

Tenesta vart plukka ut i samband med Helsetilsynet sitt landsomfattande tilsyn med tema undersøkingar. Statsforvaltaren starta opp i februar 2020. Endeleg rapport konkluderte med at det var manglar i planlegging, gjennomføring og avslutning av undersøkingar. Tenesta fekk i oppdrag å rette lovbrota. Statsforvaltaren konkluderte med at kommunen hadde retta lovbrota og tilsynet vart lukka i mars 2021.

Seksjon tiltak

Hjelpetiltaksteamet arbeider i hovudsak med å gi frivillig hjelp til heimebuande barn og deira familiar. Størstedelen barn som tek i mot hjelp frå barnevernstenesta får hjelp frå dette teamet. Ved utgangen av året 2014 vart det telt 177 tiltakssaker, på same tid 2021 var talet 336 saker.

Det mest nytta tiltaket er råd og rettleiing. Dette vert i hovudssak gitt av tenesta sitt familieteam, men sakshandsamar i saka gjer også dette. Elles er det sakshandsamar si oppgåve å følgje opp dei tiltaka som barnet og familien tek i mot. Ofte er det behov for hjelp frå andre tenester i kommunen, og då har barnevernstenesta eit særleg ansvar for å syte for at det vert søkt om dette. Dette kan til dømes vere NAV, rus- og psykiatriteneste, teneste for funksjonshemma, BUP eller andre. Det vert også sett inn kompenserande tiltak som barnehage, SFO, besøksheim, fritidsaktivitetar, fritidskontakt/støttekontakt.



Det er særleg merksemd mot å aktivere familie og nettverk. I denne samanheng kan det bli gitt tilbod om familieråd og/eller nettverksmøte til familiane. Rustesting og tilsyn er også tiltak som vert nytta.

Ein ser at det er mange familiar der det er store familiekonfliktar. I nokre av desse er det samarbeid med familievernkontoret. Det skjer også at sakshandsamarar vert kalla inn som vitne i rettssystemet i samband med barnefordelingssaker.

Kvart barn skal ha tiltaksplan og desse skal evaluerast. Viss eit barn ikkje har slik tiltaksplan, er det oftast grunna at saka er i endring eller at den er i ein overgangsfase mellom teama.

Året har vore prega av mangel på kapasitet grunna høgt arbeidspress og koronasituasjonen som har utfordra arbeidskvardagen. Ein erfarer at temaet i sakene har alvorleg karakter som psykisk uhelse, rus og foreldrekonfliktsaker. Dette får konsekvensar for framdrifta i sakene og er oftast årsak til at nokre tiltaksplaner ikkje vert evaluerte til rett tid.

Familieteamet arbeider direkte med endringstiltak inn i familiane. Rettleiarane har kompetanse på fleire tilnæringsmåtar og utfyller kvarandre på ein god måte. Teamet prøver så langt det er mogeleg å tildele saker ut i frå kva den enkelte rettleiar har kompetanse på. Erfaringa er at mange av dei familiane som får hjelp har behov for styrking av foreldrekompetansen. Dette er ei utfordring for kapasiteten til familieteamet. Barn med stort skulefråvær samt dårleg eller manglande foreldresamarbeid mellom skilde foreldre, er andre problemstillingar det vert arbeidd med. Teamet ynskjer i større grad å kunne tilby samtalar til barn og foreldre saman og direkte rettleiing til ungdom.

Tiltaket for einsleg mindreårige i Volda og Ørsta.

Frå 2018 har ein arbeidd med å redusere drifta i EM-tiltaket grunna låg tilkomst av einslege mindreårige til Noreg, og færre førespurnader frå IMDi. Frå hausten 2019 sto berre oppfølgingstenesta att.

Det vart utarbeidd ein plan for å redusere drifta i takt med at ungdomane vart sjølvstendige framover mot 2022. Dette var ein prosess der ein samarbeidde tett med tillitsvalde og personalavdelinga. I planen vart det vektlagt at ein i nedbygginga av tenesta skulle sikre god omsorg og oppfølging til ungdomane, ta vare på dei tilsette og drive økonomisk forsvarleg.

I 2021 har oppfølgingstenesta følgd opp 16 ungdommar. Desse vart gradvis avslutta gjennom året. 7 ungdommar var med heit til 31.12.21. Då vart tiltaket avslutta. To ungdommar hadde framleis behov for tiltak og desse fekk tilbod om tiltak frå ordinær barnevernsteneste.

Seksjon omsorg

Omsorgsteamet tek seg i hovudsak av oppfølging av barn og unge som bur utafor heimen, i fosterheim eller i institusjon. Ved årsskiftet i 2014 vart det telt 60 barn under omsorg, i 2021 va talet 42. Pr. mars 2022 er talet 40. Ein følgjer også opp dei som har fylt 18 år, og som samtykker til ettervern.

I 2021 har seksjonen fått 4 nye saker – 3 i fosterheim, 1 i institusjon. Det har vore 2 utilsikta flyttingar – eitt barn frå fosterheim til beredskapsheim, eitt barn frå fosterheim til ny fosterheim.

Av dei sakene som er avslutta, har det vore ei tilbakeføringssak. Ein ungdom har flytta frå institusjon og inn i omsorgsbustad med heildøgnsoppfølging.

Det er eit krav i barnevernslova at slekt og nettverk alltid skal vurderast når ein skal finne fosterheim til barn. I 2021 budde 9 av våre fosterbarn under 18 år hos slekt og nettverk. 5 ungdommar på ettervern bur i fosterheim hos slekt og nettverk.

Seksjonen har hatt mange saker for nemnd og rett. Sakene gjeld samvær, tilbakeføring og klage på flytting, samt saker om partsrettar og omsorgsovertaking. Det vert lagt vekt på å gjere gode utgreiingar, som i einstilte saker vil vere omfattande.

I plasseringssakene er samvær mellom barn og foreldre eit tema som ofte er oppe til vurdering. Dette er tema som ofte vert drøfta i fagmøta. Det er også laga ein mal for evaluering av samvær, for å sikre at temaet vert teke opp og dokumentert. Det vert arbeida med å få til meir systematisk innsats for å hjelpe foreldre til å kunne ta tilbake omsorga for barnet og det er blant anna utarbeida rutinar for oppfølging av biologiske foreldre etter omsorgsovertaking.

Ettervern: Seksjonen har i 2021 hatt 38 ungdommar på ettervern. 17 av desse bur framleis i fosterheim, 2 har budd på institusjon og 19 har oppfølging i eigen bustad.

Fordelt på kommunar vert tala slik:

Hareid:	9	(2 inst, 3 fosterh, 4 oppfølging)
Sande:	2	(1 oppfølging, 1 fosterheim)
Ulstein:	10	(6 fosterheim, 4 oppfølging)
Volda:	9	(4 fosterheim, 5 oppfølging)
Ørsta:	8	(3 fosterheim, 5 oppfølging)

Det er fleire ettervernssaker med ungdommar som treng mykje oppfølging. I desse sakene får ungdommen hjelp til å kome i kontakt med andre instansar, og barnevernstenesta er gjerne med og hjelper til med å koordinere tiltaka. Det er motiverande når ein oppnår godt samarbeid, men i enkelte saker kviler mykje på barnevernstenesta. Stundom må andre instansar purre på for å få dei til å gjere sine oppgåver.



Tilsyn med barn i fosterheim

Barnevernstenesta har ansvar for å føre tilsyn med barn som bur i fosterheim i samarbeidskommunane. Barna skal ha minimum fire tilsynsbesøk pr. år. Ved årskiftet 2021 var det samla 64 barn som tenesta har ansvar for å føre tilsyn med. Fordelt på kommunane: Hareid 10, Sande 5, Ulstein 16, Volda 17 og Ørsta 16.

Det er øymerka ei 50% stilling til oppfølging av tilsynsførarordninga. Stillinga er organisatorisk plassert i kontorfagleg team. Tilsynsførarane er oppdragstakarar og vert rekruttert utanfor tenesta. Det er ei stor utfordring å rekruttere tilsynsførarar og følge dei opp.

For at ordninga skal fungere, krev det jamn oppfølging i form av rettleiing og kontroll av talet på besøk.

Tal

Tenesta rapporterer til Statsforvaltaren kvart halvår og til SSB ved kvart årsskifte. Tala under er henta frå rapporteringa til Statsforvaltaren med unntak av tabellen som omhandlar kven som er meldar, saker til familieteamet og ettervernsaker. Dette er ein intern statistikk basert på barnevernstenesta sitt fagprogram.

Tal meldingar for heile året

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Hareid	61	72	63	62	51	110	137	152
Sande							38	29
Ulstein	55	44	66	74	89	91	102	108
Volda	90	61	64	75	101	82	110	160
Ørsta	75	78	102	118	98	107	175	232
Samla	281	255	295	331	343	394	562	681

Utval av kven som melder gjennom året 2021

Meldar	Hareid	Sande	Ulstein	Volda	Ørsta
Politi	26	5	24	41	61
Barnevernsvakt	38	4	18	17	50
Foreldre	11	1	9	19	13
Helsestasjon	5	3	8	18	2
Barnehage	6	4	2	6	2
Skule	12	2	11	17	15
Lege/psykisk helse vaksne	8	1	10	8	18

Aktive tiltakssaker ved årsskiftet

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Hareid	32	26	38	35	35	47	55	64
Sande						32	17	22
Ulstein	41	34	51	50	50	39	36	64
Volda	57	57	56	58	79	74	64	77
Ørsta	47	52	74	72	89	85	74	109
Samla	177	169	219	221	255	247	246	336

Familieteamet aktive saker gjennom året

Kommune	2017	2018	2019	2020	2021
Hareid	10	13	16	7	27
Sande				7	9
Ulstein	16	9	15	4	19
Volda	18	19	18	17	32
Ørsta	13	20	32	21	54
Samla	57	61	81	56	141

Barn under omsorg, aktive saker ved årsskiftet.

Kommune	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Hareid	15	15	13	13	13	12	13	11
Sande						4	4	2
Ulstein	14	16	17	17	18	13	11	9
Volda	14	12	12	11	11	9	12	9
Ørsta	17	16	9	9	13	12	14	11
Samla	60	59	51	49	55	47	54	42

Tilsynssaker, aktive saker ved årsskiftet

Tilsyn	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Hareid	16	14	14	13	10	10
Sande					6	5
Ulstein	12	17	16	16	14	16
Volda	28	28	20	20	23	17
Ørsta	19	20	18	17	16	16
Samla	75	80	70	67	67	64



Saker for nemnd og rett

Tenesta har tatt del i 25 handsamingar i nemnds- og rettssystemet i 2021. Av nemndsakene vart fleire handsama som samtaleprosess. Desse sakene krev mykje av dei tilsette si tid og påverkar kapasiteten på dei ulike teama. Sakene som går til nemnd og rett er arbeidskrevjande, og kostnadene er store.

Saker med samtaleprosess gjer dei ekstra arbeidskrevjande sidan det ofte vert avtalt ein del ekstra møte og rettleiingstiltak med dei involverte, som kontaktperson deltek i og/eller er ansvarleg for å følgje opp.

Sakene gjeld til dømes omsorgsovertakingar, anke på vedtak, krav om tilbakeføringar og om auka samvær mellom biologiske foreldre og barn.

Resultatkvalitet

På nokre kvalitetsindikatorar den interkommunale barnevernstenesta dårlegare ut enn fylket og landet. Tenesta har fleire fristbrot enn fylket og landet, men har samstundes lågare bemanning. Det er grunn til å sjå desse indikatorane i samanheng.

	Interkomm. BV	Fylket	Landet
Barn i fosterheim som ikkje har fått oppfølging i tråd med lovkrava	5,9 %	15,7%	8,9%
Tilsynskrav i fosterheim som ikkje er oppfylt	7,0 %	10,5%	10,1%
Fristbrot i undersøkingssaker	34,4%	4,6 %	6%
Barn i hjelpetiltak med tiltaksplan	60,6%	88,7 %	85,5%
Barn i hjelpetiltak med evaluert tiltaksplan	81,2 %	74,3 %	85,5%
Tal stillingar med fagutdanning pr 1000 barn 0-17 år		4,5	5,3

Kjelde: Bufdir kommunemonitor 2021

Desse tala vert nytta til informasjonen i dei to eigarmøta som barnevernet har kvart år med ordførarar og kommunedirektørar frå kvar kommune og i informasjonsarbeid overfor politiske fora og samarbeidspartar.

Økonomi

KOSTRA-funksjon	Hareid	Ulstein	Sande	Ørsta	Volda	Totalt
F244 Barnevernteneste, inkl kommunen sine advokatutgifter	3 960 654	6 248 890	1 575 276	7 713 473	6 466 204	25 964 496
F251 Tiltak i familien	1 093 488	1 281 291	113 863	1 695 546	1 226 899	5 411 046
F252 Tiltak utanfor familien	9 366 484	7 387 674	2 336 880	10 682 091	5 975 958	35 749 088
F252 Tiltak med omplassering EM				1 726 609	1 449 866	3 176 475
Samla refusjonskrav pr. kommune	14 420 586	14 917 855	4 026 018	21 817 719	15 118 928	70 353 818

Når det gjeld utgifter til tiltak, ser ein at nokre av kommunane fekk eit overforbruk ved slutten av året for tiltak utanfor heimen. Årsaka til overforbruket er i hovudssak nye barn som er komne under omsorg. Nokre av barna vert flytta til institusjon. Eigenandelen for institusjonsplassering har auka jamt siste åra og dette fører til store meirutgifter for kommunane.

Nokre av kommunane fekk eit mindreforbruk til tiltak i heimen. Hovudårsaken til dette er at ein i større grad nyttar foreldrestøttande tiltak framfor andre kompensierende tiltak. Dette krev personalressursar, men gir mindre kostnader til avlasting og støttekontaktar.

Når barna som mottek tiltak utanfor heimen vert 18 år, vel dei sjølv om dei vil ta imot tiltak vidare. Dei seier ofte ja til dette. Fleire av dei har i ein overgangsfase behov for at tiltaket dei har hatt, held fram med same kostnad som tidlegare.

Avdelingsleiar si oppsummering og vurdering

Koronapandemien har også prega barnevernstenesta sitt arbeid i 2021. Tenesta har møtt barn og familiar i heile koronaperioden i samsvar med dei smittevernråda som har vore gjeldande. Det har vore utfordrande å drive barnevernstenesta i dei periodane det har vore heimekontor og ein ikkje har kunna møte kvarandre fysisk. Ein har teke i bruk digitale møte til faglege samlingar og personalmøte. Ein har også sikra ordningar der ein har trygge klientsamtalar digitalt.

Som skildra under seksjon mottak og undersøking, har tenesta erfart ei massiv meldingsauke siste del av 2020 og i 2021. Det vart sett inn tiltak både organisatorisk og fagleg. Vi erfarer at dette framleis er utfordrande for samla teneste med auka saker på tiltaksteamet og også at kvar sak har svært utfordrande problemstillingar.

Statistikk frå Bufdir sin kommunemonitor viser at den interkommunal barnevernstenesta har fleire fristbrot enn fylket og landet. Dette kan sjåast i lys av ein sterk auke i talet på meldingar og/eller at same statistikk viser at tenesta har færre stillingar i tenesta, samanlikna med fylket og landet.

Førebuing til barnevernsreform/oppvekstreform har prega tenesta sitt faglege arbeid i 2021. Vi har vore aktive i tverrfagleg samarbeid i alle kommunane og har tatt ansvar på vegne av alle kommunane i Møre og Romsdal for eit prosjekt som handlar om å utvikle rettleiingstilbod til fosterforeldre. Reforma vil prege barnevernstenesta sitt arbeid i tida framover og vi held fram med å førebu oss til ny barnevernslov som kjem 01.01.23.

Helsestasjon

Helsestasjonen er ei teneste for alle mellom 0-20 år, og omfattar svangerskaps- og barselomsorg, helsestasjonsteneste 0-5 år, skulehelseteneste 6-20 år og helsestasjon for ungdom og studentar (HFUS). I tillegg er det psykologteneste for dei opp til 23, og det er knytt ein familie- og ungdomsrettleiar til helsestasjonen. Det vert gjennomført mottakssamtalar/oppfølging av flyktingar. Innbyggjarar som ynskjer reisevaksinar og influensavaksiner er også brukarar av helsestasjonen.

Kommunehelsetenestelova og nasjonale faglege retningslinjer er førande for tenestene ved helsestasjonen.

Helsestasjonen har i fleire år fått tilskot frå Helsedirektoratet, noko som har vore viktig for å få ein sterk helsestasjon. Ulike stillingar har vore knytt til desse midlane. Helsestasjonen har også gjennom fleire år hatt eit godt samarbeid med Høgskulen i Volda og Studentsamskipnaden kring helsestasjon for studentar.

I Volda kommune vart det fødd 124 barn i 2021. Alle barn har ein lovfesta rett til oppfølging av helsa si.

Koronapandemien har hatt konsekvensar for helsestasjonen, og dei aukande smitteverntiltaka i 2020 følgde med inn i 2021. Dette førte til ein reduksjon i fysiske konsultasjonar på våren, men frå mai månad var det mest ordinær drift ved helsestasjonen.

Strukturkvalitet

Volda helsestasjonen held til i 1. høgda på rådhuset i Volda. I tillegg vert det drifta helsestasjon i Hornindal og eit kontor ved Dalsfjord skule.

Som dei *Nasjonale faglege retningslinjer for det helsefremmande og førebyggjande arbeidet i helsestasjon, skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom* tilrår, er det tilsett jordmor, helsesjukepleiar og lege ved helsestasjonen. Vidare er det knytt fysioterapeut og psykolog tenesta.

Volda kommune har ein infrastruktur med behov for ferje både til Folkestad og Dalsfjord. Skulehelsetenesta skal dekke 9 skular frå barneskule til vidaregåande skule. Strukturen og geografien tilseier at noko tid går med til transport. 6 skular har eigne kontor til skulehelsetenesta i dag.

Helsestasjonen har mange faste oppgåver som skal gjennomførast. Åtte faste konsultasjonar for gravide, 14 for alle barn i alderen 0-5 år, trefftid/oppfølging, vaksiner og undervisning/samarbeid i skulehelsetenesta. I tillegg kjem oppgåver knytt til oppfølging kring psykisk helse, funksjonshindringar, premature barn, kreft, rettleiing av foreldre, ungdommar og flyktingar, bruk av tolk, smittevern og testing av nykomne utanlandsstudentar, arbeidsinnvandrar og familiesameinte.

For å sikre at dei lovpålagde oppgåvene vert utført, vert det kvart halvår utarbeidd arbeidsplanar for dei tilsette.

Både nasjonalt og lokalt har ein merka større pågang av personar som slit psykisk. Dei som har hatt utfordringar frå før, ser no ut til å streve enno meir. Både helsesjukepleiarar, FUR (foreldre- og ungdomsrettleiar) og psykologen opplever dette.

Tal tilsette

Stilling	Årsverk inkl prosjektstillingar 2021
Jordmor	1,0
Helsesjukepleiar	9,65 (inkl. 0,8 sjukepleier vikar og 1 FUR i prosjekt)
Helsestasjonslege	0,3
Psykolog	1,0
Fysioterapeut	0,6 (0,6% er prosjekt)
Merkantil	0,8 (8% er prosjekt)

Helsestasjonen får etter søknad årlege tilskot frå Helsedirektoratet. Desse midlane vert nytta til mellombelse stillingar. I tillegg finansierte HiVolda og Studentsamskipnaden ei 20 % helsesjukepleiarstilling i 2021 knytt til helsestasjon for studentar.

Desse midlane er ein nødvendig og viktig ressurs inn i drifta på helsestasjonen. Den største utfordringa siste åra har likevel vore å finne vikar for helsesjukepleiarar og få tilsett helsesjukepleiar i ledige stillingar. Det har medført lange periodar med vakanse og/eller tilsettingar av anna faggruppe.

Merkantil tilsett sin viktigaste funksjon er å sjå til at brukarane unngår smitte ved helsestasjonen og klargjering før konsultasjon med helsesjukepleier, som til dømes vekt- og høgdemåling. I tillegg styrer ho logistikken med alle som kjem inn døra på helsestasjonen. Denne funksjonen er viktig for god omdømebygging.



Årsverk

	2021			
	Volda	Kostragr 7	Fylket	Landet
Avtalte årsverk i helsestasjon- og skulehelseteneste pr 10000 innb 0-20 år	62,8	54,4	51,8	51,2

Kjelde: Kostra

Kompetanse

Kommunen skal:

- *Legge til rette slik at tjenesten og personell blir i stand til å overholde sine lovpålagte plikter og slik at tilstrekkelig fagkompetanse sikres i tjenesten, jf. helse- og omsorgstjenesteloven § 4-1 første ledd bokstav c. og d.*
- *Sørge for å ha tilgang på nødvendig personell for de oppgavene tjenesten skal utføre og ha en hensiktsmessig arbeidsfordeling mellom personellet.*
- *Sørge for at arbeidstakerne har tilstrekkelig kunnskap og ferdigheter innenfor det aktuelle fagfeltet, jf. forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten § 7.*

Å møte alle brukarar i alle aldrar og livssituasjonar gir behov for ulike kompetanse. Helsestasjonen har ei godt samansett faggruppe som skal ha tilstrekkeleg fagkompetanse. I 2021 vart ein stor del kompetanseutvikling gjennomført via web.

Kursing i 2021:

2 helsesjuepleiar og kommunejordmor var i oktober på kurs i Molde om EPDS (Edinburgh postnatal depression scale) – en samtalemodell til screening og førebuing av fødselsdepresjon.

Ut over dette vart stort sett all kursaktivitet i 2021 utsett eller avlyst grunna pandemien.

Økonomi

	2021 kroner pr innbygger			
	Volda	Kostragr 7	Fylket	Landet
Netto driftsutgifter helsestasjon- og skulehelseteneste pr innb	854	859	848	859

Prosesskvalitet

Helsestasjonen gjennomfører avdelingsmøte kvar veke for ei kort oppsummering og gjennomgang av arbeidet. Annankvar veke held psykologen fram med rettleiing av tilsette. I 2021 vart det oppretta eigne fagmøte for småbarn 0-5 år, skulebarn og ungdom. Dette med tanke på fagutvikling og samordning mellom tenesteutøvarane.

Helsestasjonen har elles faste møte med barnevernstenesta og tannhelsetenesta 2 til 4 ggr pr år. Ein har også fått på plass samarbeid med BUP gjennom deltaking i *ressursteam barnehage*.

Kommunejordmor:

Jordmorressursen vart auka til 100 % stilling i samband med kommunesamanslåinga.

Svangerskaps- og barselomsorga gir støtte og helsefremmande informasjon til foreldre gjennom samtale og kartlegging. Ved uro skal jordmor i samarbeid med foreldre, fastlege, helsesjukepleiar, kommunale instansar eller spesialisthelsetenesta, finne ut kva tiltak som kan vere aktuelle. Tverrfagleg og tverr etatleg samarbeid er ein viktig del av arbeidet. Jordmor skal også tilby tidleg heimebesøk til alle nybakte foreldre, innan 48 t etter utreise frå sjukehuset.

Helsesjukepleiar:

Helsesjukepleiarane sine arbeidsoppgåver vert fordelt utifrå fagkunnskap og eigenskapar. Barnehagar/skular får eigne kontaktpersonar, småbarnskontrollar vert fordelt utifrå område i kommunen.

Arbeidsoppgåver knytt til HFUS, ressursteam, tverrfaglege samhandlingsgrupper(TSG), flyktningar, smittevern/testing, reisevaksinerings, kriseomsorgsgruppe, kriseomsorgsgruppe, influensavaksinerings, hørselstesting av vaksne vert det laga eigen plan for.

Foreldrerettleiing i grupper som ICDP for minoritetar, Bra-Mat-kurs har ein sett gode resultat av, men er sett på vent grunna manglande kapasitet. Individuell rettleiing vert gjennomført ved behov i konsultasjonane.

HFUS – er eit lovpålagt drop-in tilbod for ungdom opp til 20 år, og i Volda også for studentar opp til 25 år. Tilbodet er lokalisert ved helsestasjonen i sentrum. På tysdagar er det jordmor og lege til stades kl 14.00-1630, medan det torsdagar er helsesjukepleiar til stades kl 14.00-16.00.

Fysioterapeut gjennomfører individuelle vurderingar av småbarn, gjennomfører grupper for småbarn og på skular og er med i undervisning i klasser og foreldremøter.

FUR (foreldre og ungdomsrettleiar) er i dag ei vikarstilling for helsesjukepleiar. Ho er barnevernspedagog, og har god kompetanse på arbeid med ungdom. Ho har vore nytta inn i grunnskulen og vidaregåande skule med trefftid og oppfølgjande samtalar. Ho har jobba med foreldrerettleiing i tett samarbeid med helsesjukepleiarar og psykolog.

Kommunepsykolog:

Psykolog er det stor etterspørsel etter. Ein stor del av stillinga vert nytta til individuelle samtalar. Måla er å redusere tal på konsultasjonar og heller auke det førebyggjande arbeidet. I tillegg gjennomfører han rettleiing av tilsette, deltek på mange TSG-grupper, ressursgrupper og i kriseomsorgsgruppa.

Den samla statistikken for helsestasjonen viser ein liten nedgang i talet på konsultasjonar samla sett, og at det i 2021 var noko færre konsultasjon pr telefon.

	2019	2020	2021
Konsultasjonar	9572	8140	7338
Telefonkonsultasjonar	1345	2024	1562

Statistikk Hspro - fagprogram



Tverrfagleg samhandling

For å få til ei god førebyggjande og helsefremjande teneste, er tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid og samhandling naudsynt. Ved helsestasjonen er samarbeid med barn/ungdom og foreldre det viktigaste, saman med samarbeidet med dei tilsette i barnehagar og skular.

Strukturert samarbeid med barnehagane starta opp i 2020 gjennom tverrfaglege samhandlingsgrupper TSG. Dette håpar vi skal styrke samhandlinga rundt dei minste barna og familiane deira.

I skulen møter helsesjuepleiarane alle elevane. Siste året har vore spesielt med tanke på Covid-19. Dei som streva tidlegare, strevar no endå meir. Samarbeid med foreldre, klassekontakt og rektor på skulane har vore viktig, men også støtte og rettleiing frå psykologen og foreldre- og ungdomsrettleiar har vore naudsynt i den vidare oppfølginga. Jentegrupper/gutegrupper og undervisning i klasser er viktige førebyggjande tiltak som vert gjennomført i samarbeid med skulen og FUR.

Helsestasjonen deltok også i 2021 på samarbeidsmøte knytt til barn med særskilte behov. Foreldre, barnehage/skule, helsestasjon, PPT, barnevern, spes.ped, BUP har vore viktige samarbeidspartar i slike møte. Barn med samansette behov og rett til koordinator og individuell plan, kan få tilbod om å nytte det digitale verktøyet Sampro – ein nettbasert individuell plan. Dette knyt saman tenesteytar og foreldre/brukarar.

Ressursteam for barnehage og ressursteam for skule har møte annankvar månad. Barnehagar, skular og familiar som har behov for ei tverrfagleg rådgjeving, har høve til å melde inn saker til ressursteama. Dette lågterskeltilbodet er lite brukt, og det vert arbeidd med å gjere tilbodet betre kjent.

Helsestasjonen er også deltakande i eit interkommunalt samarbeid i Sjustjerna. I dette samarbeidet har ein hatt ulike prosjekt knytt til digitalisering, utarbeiding av felles malar og prosedyrar, samt fagutvikling. Facebook og Snapchat vert nytta for å nå ut med informasjon til brukarar av helsestasjonen.

Både psykolog og helsesjuepleiar/FUR er medlemmer i kriseomsorgsgruppa i Volda kommune.

Resultatkvalitet

	2021 Tal i prosent			
	Volda*	Kostragr 7	Fylket	Landet
Heimebesøk av jordmor innan tre døgn	46,2	55,9	59,2	44,9
Heimebesøk av helsesjuepleiar til nyfødde	91,3	78,9	92,7	77,0
Undersøkt grunnskule 1. klasse	77,2	85,9	88,4	90,0
Undersøkt ved 2-års alder	89,3	85,7	86,4	88,8
Undersøkt ved 4-års alder	102,4	87,4	91,3	90,0
Undersøkt 8. leveveke	99,0	96,2	98,4	98,9

*Tala for Volda er rekna ut lokalt, og kan endre seg når oppdaterte KOSTRA-tal kjem i juni

Resultat frå elevundersøkinga

Er du nøgd med skulehelsetenesta på skulen?	Svært nøgd	Nøgd	Ganske nøgd	Litt nøgd	Ikkje særleg nøgd
2021	34,1 %	40,1 %	13,3 %	8,1 %	4,4 %
2020	38,9 %	38,9 %	13,3 %	5,9 %	3,1 %
2019	31,4 %	37,2 %	14,9 %	7,3 %	9,2 %

Resultata frå Elevundersøkinga viser at ein stor del av elevane er nøgde med skulehelsetenesta.

Helsestasjonen har ikkje gjennomført egne brukarundersøkingar i 2021.



Vaksinasjon

Koronavaksinerings har vore ein stor del av helsestasjonen sitt arbeid i 2021. I rolla som vaksinekoordinator har leiar brukt 50 % av si stilling. Vidare har ei 40 %

helsesjukepleiarstilling vorte omdisponert heile året. Frå november 2021 vart ytterlegare 80 % helsesjukepleiarstilling knytt til koronavaksining. Nokre andre oppgåver har ein måtte sett på vent eller prioritert vekk.

Alle vaksne innbygarane har fått tilbod om vaksine. Mot slutten av året fell også alle ned til 12 år tilbod samt barn i risikogrupper ned til 5 år.


Gode frivillige krefter har også bidrege til at vaksininga vart gjennomført på ein god måte, og ein stor del av innbygarane er grunnvaksinerte (2 dosar), noko oversikta viser:

	1. dose tal innb	2. dose tal innb	1. dose del over 18 år	2. dose del over 18 år
Volda	8 872	8 316	94,8	93,1
Fylket	214 518	200 991	93,3	91,6
Landet	4 332 081	4 028 023	93,1	90,6



Folkehelsebarometer 2022

Livskvalitet er temaet for folkehelseprofilen i 2022. Indikatorane som vert presentert i profilen er valt med tanke på helsefremjande og førebyggjande arbeid. I rapporten skriv FHI mellom anna at delen ungdomsskuleelevar som har mange psykiske plager, ikkje er signifikant ulikt landsnivået. På indikator nr 29 psykiske symptom/lidingar 0-74 år, scorar Volda likevel signifikant dårlegare enn landet. Dette er det fastlegar og legevakt har registrert. På same tid, i oppvekstprofilen, scorar Volda kommune signifikant betre enn landet på same indikator for gruppa 15-24 år.



Henta frå oppvekstbarometeret 2022:

25	Psykiske sympt./lidelser, 15-24 år	145	164	166	per 1000 (a,k)
----	------------------------------------	-----	-----	-----	----------------



Basert på det Volda kommune sin kommunepsykolog samt familie- og ungdomsrettleggjar melder, er det grunn til å uroe seg over den psykiske helsa til mange barn og unge.

Ukom¹ sin rapport *To år med pandemi – status for det psykiske helsetilbodet til barn og unge* underbygger det same.

Ukom peikar på at utfordringsbiletet etter to år med pandemi mellom anna viser:

- Fleire foreldre kontaktar helsestasjonen og fortel om psykiske plager
- Auka pågang frå slitne pårørande
- Fleire skildrar einsemd og utanforskap
- Auka ufrivillig skulefråvær, langt ned i barneskulealder
- Auke i konflikter i heimen
- Auke i rus og sjølvskading
- Auke i tilvisingar der det er mistanke om ADHD

Ukom ser tre hovudutfordringar i helsetilbodet:

1. Etterslep som har oppstått som følge av at pågangen har vore større enn kapasiteten overtid
2. Gapet mellom helsetilbodet for barn og unge med psykiske vanskar i kommunane og tilbodet i spesialisthelsetenesta. Kommunane kjenner på at dei ikkje er rigga for å handtere dei meir komplekse problemstillingane.
3. Stor variasjon i det kommunale tilbodet.

Volda kommune er etter måten godt rigga med psykolog og familie- og ungdomsrettleggjar. Det er ei uro knytt til at familie- og ungdomsrettleggjarstillinga er ei engasjementstilling som vert avslutta i juli 2022. Helsestasjonen er uroleg for kven som skal ta hand om den porteføljen familie- og ungdomsrettleggjaren gir eit tilbod i dag. Kommunalsjef vil legge fram sak om omdisponering av fondsmidlar for å sikre framhald av denne stillinga i to nye år.

Avdelingsleiar si oppsummering og vurdering

Som primærhelseteneste møter helsestasjonen alle aldersgrupper frå gravide og opp til 23/25 år. Dei fleste har det godt, men ein møter også dei som har utfordringar.

Smittesituasjonen i 2021 sette ekstra krav til dei tilsette og rutinane våre i møte med brukarane; med låst inngang, ikkje leiker tilgjengeleg, få som venta samstundes, ekstra reinhald osv.

Gruppetilbod som fødselsførebuande kurs, jente/gutegrupper og kurs for barn med to heimar har ein ikkje kunne gjennomføre. Dei tilsette har vist fleksibilitet for å få gjennomført dei lovpålagde oppgåvene individuelt. Då skulane var stengde var helsesjukepleiarane i kontakt med ungdom og foreldre pr telefon.

¹ Statens undersøkelseskomisjon for helse- og omsorgstjenesten

I 2021 vart det fødd 124 barn i kommunen, og jordmora tilbød tidleg heimebesøk til alle. Ho vart elles knytt til HFUS i juni-21, noko som har fungert godt.

HFUS fungerte ikkje optimalt for ungdomane i 2021 sidan både helsestasjonen og skulane var stengde ein periode frå mars og til juni. Dei som nyttar HFUS må ta seg til helsestasjonen, og sidan det ikkje var tilrådd å bruke buss i denne perioden, var tilbodet ikkje like tilgjengeleg for ungdom på bygdene og i Hornindal som i sentrum.

Auken i tilvisingar til psykolog frå foreldre, helsesjukepleiarar, lærarar og legar har halde fram i 2021. Psykologen opplever at individuelle konsultasjonar tek mykje tid og at det har mindre effekt enn systemretta arbeid. I dei tverrfaglege samhandlingsgruppene som vart oppretta i 2020 har psykologen fått høve til meir systemretta arbeid, og dette vart vidareutvikla i 2021.

Det har vist seg vanskeleg å rekruttere helsesjukepleiarar ved sjukdom og vakansar. Dette sidan det vert utdanna for få helsesjukepleiarar i høve til behovet. På helsestasjonen har ein difor hatt barnevernspedagog som vikar for helsesjukepleiar også i 2021. Ein barnevernspedagog kan gjere mange oppgåver, men ikkje alle lovpålagde helsesjukepleiefaglege oppgåver. Nokre oppgåver har difor måtte bli nedprioritert eller bli sett på vent, og ein ser eit etterslep på særskilt 2 og 4 års kontrollar. For å ta att noko av dette, har det sidan november 2021 vore tilsett ein sjukepleiar som er opplært til å utføre 4-årskontrollar.

Helsestasjonen har i 2021 ikkje tilbode reisevaksinering, og det har heller ikkje vore gjennomført tilsyn etter «*Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar eller skular.*»

Helsedirektoratet sine tilskotsordningar er positive, men arbeidskrevjande med tanke på søknader, utlysingar, tilsettingar, opplæring og rapportering. Avdelingsleiar har brukt mykje ressursar til dette arbeidet.

Det fysiske arbeidsmiljøet ved helsestasjonen er under oppgradering. Dei digitale verktya er fornya, og bygningsmessig er det teke nokre løft. Dårleg lydsetting mellom dei fleste av kontora er ei utfordring, og det er fare for brot på teieplikt under samtalar. Pr i dag er det berre Øyra og Dalsfjord skular som har gode lokale for skulehelsetenesta. I planlegginga av ny ungdomsskule er dette teke omsyn til.

Barnehage

Barnehagen er første arena i eit langt utdanningsløp. Høg kvalitet på tilbodet er viktig for at barn skal få ein god barndom og at tilbodet skal vere helsefremjande, førebyggjande og bidra til å jamne ut sosiale skilnader. Barnehagen si rolle for barns utvikling og læring er i dei seinare åra dokumentert både i internasjonal og norsk forskning.

Kommunale barnehagar

<p>Mork barnehage - barnetal: 53</p> 	<p>Engeset barnehage - barnetal: 53</p> 
<p>Oppigarden barnehage - barnetal: 55</p> 	<p>Bratteberg barnehage – barnetal: 76</p> 
<p>Austefjord barnetal: 12</p> 	<p>Hornindal barnehage - barnetal: 41</p> 
<p>Folkestad barnehage - barnetal: 17</p> 	<p>Lauvstad barnehage - barnetal: 32</p> 

Rolla til barnehageeigar og barnehagemynde

Barnehageeigar har det overordna ansvaret for at barnehagen vert drive i samsvar med gjeldande lov og regelverk jf. barnehagelova § 7. Det fyl av eigaransvaret å ha ei forsvarleg styring, og nødvendige rammer for å kunne oppfylle krava i barnehagelova.

Kommunen er lokal barnehagemynde jf. § 10 i barnehagelova, og skal sjå til at alle barn får eit pedagogisk og trygt barnehagetilbod i samsvar med barnehagelova og rammeplan. Kommunen som barnehagemynde har ansvar for planlegging, kvalitetsutvikling og tilsyn med heile barnehagesektoren i kommunen.

Barnehagemynde har tre verkemidlar til disposisjon: rettleiing, tilsyn og godkjenning. Risikovurdering skal ligge til grunn for val av verkemiddel. Barnehagemynde skal aktivt gi informasjon/rettleiing til barnehageeigar om eigar sine plikter i tråd med barnehagelova med forskrifter.

Tilsyn er utøving av offentleg mynde, og skal undersøke og eventuelt pålegge endring av uforsvarleg forhold. Det var planlagt at barnehagane skulle gjennomføre digitalt tilsyn hausten 2021, men på grunn av redusert kapasitet i administrasjonen, så vart dette ikkje gjennomført. Den første overordna plan for tilsyn i nye Volda kommune vil bli ferdig i løpet av våren.

Avdelingsleiar barnehage har som mål å besøke alle barnehagane i løpet av året, men pandemien har gjort at det ikkje har blitt gjennomført etter oppsett plan. Planen er å starte opp igjen med barnehagebesøk i juni. Tema som blir tatt opp dette året er rutine for støttetiltak/flytskjema.

Barnehagemynde har to årlege møte med dei private barnehageeigarane og styrar. Tema hausten 21: gjennomgang av tilskot 2021 og tilskotssats for 2022. Tema våren 22: Tilskot 2022, Rekomp (Regional kompetanseutvikling), satsingsområde Volda kommune oppvekst , re-godkjenning av barnehagane, styrka bemanning m.m. Tilbakemeldingane frå barnehageeigarane er at dette er noko dei opplevde som nyttig, og dei ønsker at vi held fram med at kvar barnehageeigar får sitt møte med barnehagemynde.

Barnehagemynde skal gi rettleiing og handsame søknader om godkjenning av barnehage. Barnehagemynde har informert barnehagane om at vi treng ei re-godkjenning av barnehagane i **nye** Volda kommune. Dette gjer vi for å sikre oss at godkjenningane er i tråd med gjeldande regelverket.

Strukturkvalitet

Volda kommune skal tilby barn som bur i kommunen barnehageplass. Barn som fyller eitt år seinast innan utgangen av november, har rett til ein barnehageplass innan utgangen av månaden barnet fyller eitt år. Retten gjeld alle som har søkt innan hovudfristen for opptak 1. mars.

Dei fleste barn i Volda kommune har eit barnehagetilbod i ordinære heildagsbarnehagar.

Volda opne barnehage har vore eit godt alternativ for dei som ikkje har barnehageplass. Volda opne barnehage er eit gratis barnehagetilbod der omsorgspersonen som kjem med barnet, er saman med barnet heile opningstida. Barnehagen starta opp igjen og hadde drift hausten 21, men på grunn av pandemien har barnehagen ikkje hatt drift våren 22. Målet er at dei skal starte opp igjen august 22. For dei som kjem flyttande til Volda med småbarn (0-1 år) er dette ein fin måte å bli kjent med andre som bur i Volda kommune.



Svært mange av barna i Volda kommune går i barnehage noko oversikta under viser: 2021

	Volda	Kostragr 7	Møre og Romsdal	Landet u. Oslo
1-2 år	94,5 %	85,4 %	90,0 %	87,1 %
3-5 år	99,7 %	97,3 %	97,6 %	98,6 %

Kjelde: Kostra

Oversikta under viser korleis barna fordeler seg mellom kommunale- og private barnehagar i kommunen.

Kommunale barnehagar	Barn under 3 år	Barn over 3 år	Sum	Deltidsplassar	Ledig kapasitet
Austefjord	7	5	12		Ja
Engeset	19	34	53		Nei
Folkestad	4	13	17	1	Nei
Hornindal	18	23	41		Nei
Lauvstad	12	20	32	2	Nei
Mork	15	38	53		Nei
Oppigarden	18	37	55		Nei
Bratteberg	31	45	76		Ja
Sum barn	124	215	339		
Private barnehagar	Barn under 3 år	Barn over 3 år	Sum	Deltidsplassar	Ledig kapasitet
Hjellbakkane	14	21	35	1	Nei
Rotset	18	33	51	3	Nei
Røysmarka	13	17	30	1	Nei
Trollsletta	6	16	22		Nei
Tunåsen	8	20	28	2	Nei
Øyra	24	39	63		Nei
Sum barn	83	146	229		

Kjelde: Edlevo 01.04.22

Det er per 01.04.22 568 barn i barnehage, og av dei er det 60 % av barna som har plass i ein kommunal barnehage.

Skal vi vere ei attraktiv kommune å busette seg i, må kommunen ha ledige barnehageplassar til ei kvar tid. Det betyr at barnehagar med kapasitet må ha auka bemanning som gjer det mogleg å ta inn barn i løpet av året. Dette barnehageåret har det vore mangel på arbeidskraft, noko som har medført at barn som har kome flyttande ikkje har fått barnehageplass så tidleg som foreldre/føresette hadde håpa på.

Kommunen har barnehageplassar å tilby til barn som etter lova ikkje har rett på plass. Etter at Volda kommune tok over Bratteberg barnehage, er tilgjengelege barnehageplassar meir i samsvar med behovet enn det var for nokre år sidan. Det er auka barnetal i indre krins. Det gjer at vi må auke bemanning og tid til administrasjon i Austefjord for at lovkravet skal vere oppfylt.

Bemanning

Det er barnehageeigar jf. barnehagelova § 6 som har ansvar for at bemanninga er tilstrekkeleg til at personalet i barnehagen er i stand til å oppfylle samfunnsmandatet.

Barnehagen skal ha minst ein tilsett per tre barn under tre år og minst ein tilsett per seks barn når barna er over tre år som grunnbemanning, dvs. tilsette som har arbeid direkte med barna.

Det er eit kvalitetsstempel at barnehagane i Volda kommune har høg pedagogtettleik. Ulempa er at det ikkje frå sentralt hald er kompensert for plantida barnehagelærarane skal ha. Krava til barnehagelæraren har auka i takt med at samfunnsmandatet har endra seg, men plantida på 4 timar per veke er det same i dag som i 1972.

Arbeidsoppgåve som ikkje ligg i plantida til barnehagelærar er til dømes gjennomføring av foreldresamtale, samarbeid med spesialpedagog, støttepedagog, rettleie assistentar og fagarbeidarar, gjennomføre samarbeidsmøte med PPT, barnevern, helestatjon, skule og BUP, og anna arbeid i samband med ulike satsingar og utviklingsarbeid. Dette er tid som barnehagelærar må «ta frå» tida med barna. Assistentane/fagarbeidarane skal også ha tilrettelagt tid til å planleggje aktivitetar dei får ansvar for. Konsekvensen er at minimumskrava som barnehagane i utgangspunktet oppfyller, ikkje gjeld heile opningstida i barnehagane.

Kommunestyret sitt vedtak om å styrke bemanninga til dei yngste barna i alle barnehagane er eit steg i rett retning. Vi har forventning om at auken neste år vil bidra til at dei yngste barna får ein betre kvardag. Det neste målet må vere at barn i alderen 3-5 år også får auka vaksentettleiken. På tross av auken i bemanninga hos dei yngste barna, er bemanninga framleis låg i delar av opningstida. Foreldreundersøkinga hausten 2021 viser at foreldre er meir merksam på bemanningstettleiken enn tidlegare år.



Kompetanse

I strategien for barnehagekvalitet *Barnehagar mot 2030*, er det gitt føringar for kompetansebygging og målet med å sikre alle barn eit barnehagetilbod av høg kvalitet. Kvalitetsutvikling inneber ei stadig utvikling av kompetansen til personalet.

Regjeringa har som ambisjon at:

- halvparten av dei tilsette i barnehagen skal vere barnehagelærarar innan 2025
- del av barnehagelærarar med mastergrad skal auke
- del av fagarbeidarar i barnehagane skal auke
- for alle andre tilsette skal det vere ein plan for korleis formell relevant kompetanse kan opparbeidast
- alle barnehagar skal ha god og kvalitetsutviklande leiing
- alle tilsette i barnehagen får høve til etter- og vidareutdanning
- kvaliteten skal vidareutviklast i dialog med partane
- alle barnehagar skal få god støtte i arbeidet med kontinuerleg og systematisk kvalitetsutvikling
- tilsyn skal i større grad bidra til å utvikle og sikre kvalitet

Utdanning per 15.12.21	Volda kommune (kommunale og private) %	Nasjonalt gjennomsnitt %
Barnehagelærar	56,2	42
Tilsvarande bhg.lærar utd.	0,9	1.4
Anna ped.utdanning	0	1.7
Anna høgare utdanning	1,4	1,8
Barne- og ungdomsarbeidar	10,8	22.2
Anna fagarbeidar utd.	5.3	5.2
Assistent	25.4	25.8

Kjelde: Barnehagefakta.no

	Volda kommune (kommunale og private)	Nasjonalt gjennomsnitt
Barn per tilsett	5.7	5.7
Barn per barnehagelærar	9.9	13.1

Kjelde: Barnehagefakta..no

Målretta rekruttering og kompetansebygging er viktig for at alle barn i Volda kommune skal få eit tilbod av høg kvalitet. Volda kommune har høgt tal på barnehagelærarar i kommunale og private barnehagar. Samstundes er det færre barne- og ungdomsarbeidarar enn gjennomsnittet nasjonalt. Dette er noko vi vil ha merksemd på framover ved å leggje til rette for at fleire av assistentane kan ta fagbrev i barnehagen.

Det er ein lærling som fullfører lærlingtida i barnehagen dette barnehageåret. Erfaringa er at det er få av dei som blir verande i barnehagen etter at lærlingperioden er over.

Den nasjonale styrarutdanninga er eit viktig tiltak for utvikling av gode leiarar. I løpet av dei siste to åra har fire kommunale styrarar fullført den nasjonale styrarutdanninga. To kommunale og ein privat styrar har starta på utdanninga det siste året. Tilbakemelding frå styrarane er at dei opplever utdanninga som praksisnær og svært relevant.

Tre barnehagelærarar tek vidareutdanning dette barnehageåret. Tre fagarbeidarar i barnehagane går desentralisert barnehagelærarutdanning, to av dei blir ferdig barnehagelærer juni 2022.

Barnehagen som lærande organisasjon

Endring i samfunnet og i barnehagesektoren aukar kravet til omstilling og utvikling både hos tilsette og i barnehagen som organisasjon. Arbeid med barnehagen som lærande organisasjon inneber at personalet i barnehagen må ha eit aktivt forhold til barn si lærings- og dannelsingsprosessar.

Nye satsingar kjem både frå statleg, regionalt og lokalt nivå, og det krev tid til å reflektere og implementere ny kunnskap i organisasjonen. Barnehagen har to timar personalmøte per måned til felles refleksjon og fire timar avdelingsmøte per måned. Administrasjonen er samd med styrarane at to timar per måndag ikkje er tilstrekkeleg for å implementere ny kunnskap og satsingar. Den tida skal dei tilsette nytte til felles refleksjon i samband med pedagogisk utviklingsarbeid, arbeid med felles verdigrunnlag, utarbeide rutinar, opplæring i digitale plattformar og digitale verkty m.m.

Fysisk miljø

Kjøp av Bratteberg barnehage gjer at kommunen har ein kommunal barnehage med god standard.

Dei andre barnehagane er eldre bygg, med varierende vedlikehald gjennom mange år, noko som gjer at barn og tilsette ikkje har ein standard som vi ønsker. Fleire barnehagar har ikkje tilfredsstillande arbeidsrom, grupperom, toalett o.a. Uteområda i fleire av barnehagane treng å bli rusta opp. Uteområda skal stette krav om utforsking og fysisk aktivitet og utvikling for barn i alderen 0-6 år. Krav til tryggleik må sjåast i samheng med kravet om mogelegheit til utforsking og allsidig utvikling.

	Volda	Kostragr 7	Møre og Romsdal	Landet u. Oslo
Netto driftsutgifter per innbyggjar	536	607	491	609
Barnehagelokale og skyss				

Kjelde: Kostra

HMT

I samband med Volda kommune sitt HMT- arbeid vart Avonova Helse AS kontakta i 2021 og dei fekk i oppgåve å kartleggje støytilhøva i dei kommunale barnehagane. Føremålet var å avklare om der er tilhøve ein kan jobbe med for å ta ned støybelastninga for dei tilsette og redusere fråveret.

Tilsette har over tid opplevd støy som ei belastning, og administrasjonen vil sjå på om systematiske tiltak for å redusere støybelastninga kan bidra til å redusere fråveret i barnehagane, og generelt gi eit betre arbeids- og læringsmiljø for både tilsette og barn.

Spørjeundersøkinga viser at ein betydeleg del av dei tilsette opplever støy som ei vesentleg belastning og at dei fleste meiner at belastninga fører til meir fråvær i barnehagane. Resultata av kartlegginga elles viser at der er fleire tiltak ein kan jobbe med for å betre støytilhøva i alle barnehagane.

Dei viktigaste tiltaka vil handle om:

- å avgrense lyd frå å spreie seg i romma, altså ved å utforme rom med fleire lydabsorbentar
- å hindre lyd frå å spreie seg gjennom veggar/dører og mellom etasjar
- å sjå på dei tekniske installasjonane (ventilasjon) som kan vere ei sjenerande støykjelde.»

Henta frå rapporten Støy- og akustikkvurderingar - Barnehagar i Volda kommune frå Avonova Helse AS

Rapporten er delt med andre avdelingar i kommunen. Personal og eigedom vil saman med oppvekst ha nytte av rapporten i det vidare arbeidet med å betre arbeids- og læringsmiljø for barn og tilsette i dei kommunale barnehagane.

Samarbeid med NAV Arbeidslivssenter – bransjesatsing barnehage

Barnehagane er ein av sju bransjar under IA-avtalen som det blir retta ekstra innsats mot, spesielt med tanke på høgt sjukefråvær og helseslitasje. Barnehagane har samarbeidd med Arbeidslivssenteret, hovudverneombod og hovudtillitsvalde i Utdanningsforbundet og Fagforbundet. Målet med samarbeidet er auka nærvær og stabilitet i personalgruppene. Vi har gjennomført fellesmøte med styrarane og vil framover i større grad arbeide tett inn mot den einskilde barnehage. STIM-gruppa i barnehagane vil vere viktige i arbeidet med å auke nærveret og hindre fråfall i barnehagane.

Infrastruktur og digitale verkty

Barnehagane vil i løpet av barnehageåret ha ein infrastruktur som gjer det mogleg å nytte digitale verkty i barnehagen. Oppigarden barnehage vil i løpet av mai få nett-tilgang som gjer det mogleg få nytta digitale verkty som andre einingar i sektoren har gjort i fleire år. Etter kommunesamanslåinga er det kome fleire nye program som dei tilsette skal lære seg å bruke. God opplæring er naudsynt for å kunne nytte dei digitale verktya optimalt. Det er krevjande at mange program kjem samtidig og det tek tid å setje seg inn i. Det positive er at vi i større grad sikrar personvern i dokumentasjonen.

Barnehagen har i større grad tatt i bruk fagadministrative programmet Edlevo. Ein har fått opplæring i personalportalen, foreldreappen og sikker arbeidsflyt. Dei fleste barnehagane er kome i gang med arbeidet med å implementere og bruke programmet.

Plan for bruk av digitale verkty i barnehagane skal vere ferdig i løpet av hausten. Vi vil framover i større grad ha merksemd på korleis vi kan nytte digitale verkty i det pedagogiske arbeidet med barna.

Alle avdelingane treng mobiltelefonar og vi er i gang med å bytte ut dei første berbare maskinene vi kjøpte inn til barnehagelærarane og iPadane til barnehagane.

Økonomi – kostnadsnivå, tilskot til private barnehagar og redusert foreldrebetaling

	Volda	Kostragr 7	Møre og Romsdal	Landet u. Oslo
Netto driftsutg til bhg pr innb 1-5 år	187 402	174 686	183 703	181 474

Kommunen skal etter forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar sikre at dei private barnehagane vert likeverdig handsama med dei kommunale barnehagane.

Grunnlag for tilskot er kommunen sitt rekneskap for barnehagedrifta i dei kommunale barnehagane to år tilbake i tid. Det betyr at det i 2022 er første gang vi nyttar same sats til private barnehagar i nye Volda kommune. Oversikta viser at tilskotsaten framleis er lågare enn den nasjonale satsen for 2022.

Driftstilskot pr plass til private barnehagar	2021	Nasjonal sats 2021	2022	Nasjonal sats 2022*
Barn 0-2 år	226 100 (g.V)	239 200	238 773	244 300
Barn over 3-6 år	107 993 (g. V)	115 500	115 516	119 100
Barn under 3 år (Hornindal)	314 749	239 200		
Barn over 3 år (Hornindal)	157 963	115 500		

*frå 2022 skil ein mellom enkeltstående privat ordinær barnehage og andre private barnehagar. Enkeltstående privat barnehage er ein barnehage som ikkje inngår i ei samanslutning med to eller fleire barnehagar. Det er høgare sats dersom ein er enkeltstående privat barnehage. Kjelde: Udir

Kapitaltilskot er nasjonal sats på kr. 9 400,- per heiltidsplass som kjem i tillegg til driftstilskotet.

Private barnehagar kan, med bakgrunn i vedtektene sine, gi tilbod til barn som ikkje bur i Volda kommune. Dersom private barnehagar tek inn barn frå andre kommunar har Volda kommune rett til å søkje bustadkommunen om refusjon av kostnadar til ordinær drift. Det er då nasjonal sats som er grunnlaget for refusjonen. Vi har barn frå Ørsta kommune som nyttar barnehageplass i Volda kommune. Volda kommune har også barn som nyttar barnehageplass i andre kommunar.

Foreldre skal ikkje betale meir enn makspris for ein barnehageplass, og det er Stortinget som fastset kor mykje ein skal betale. Betaling for kost kjem i tillegg. Det er innført følgjande moderasjonsordningar; søskenmoderasjon for barn i barnehage og redusert foreldrebetaling på grunn av låg inntekt.

Foreldrebetaling skal reknast ut frå hushaldet si samla skattepliktige kapital- og personinntekt. Dersom maksprisen er høgare enn 6 prosent, skal familiar som har søkt, få innvilga redusert foreldrebetaling. Er barnet 2, 3, 4, 5 eller 6 år med utsett skulestart, med låg inntekt får ein etter søknad innvilga 20 timar gratis opphaldstid per veke.

Tal på familiar*	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Redusert foreldrebetaling og 20 t. gratis opphaldstid	37	59	53	72	71	75	69

henta frå BASIL per 15.12.21

Talet på hushald med redusert betaling i barnehagane synest å ha stabilisert seg kring 70.



Prosesskvalitet

Lov om barnehagar og rammeplanen for barnehage legg vekt på prosesskvalitet, og det er ikkje tradisjon for at ein måler kva barna har lært i barnehagen. Barnehagen har stor merksemd

på kva personalet må gjere for å møte barna sine behov der dei er. Ny forskning er tydeleg på at relasjonskvalitet har mykje å seie for barn si utvikling. Rammeplanen legg føringar for korleis styrar, pedagogisk leiar og anna personale må legge til rette for at barna skal få møte dei ulike fagområda og bidra til positiv heilskapleg utvikling som legg vekt på omsorg, danning, lek og læring.

Kompetanseutviklinga i Voldabarnhagen dei siste åra har bidrege til gode føresetnader for felles forståing og samanheng i fagmiljøet i barnehagen og mellom leiarane.

Digitale løysingar har gjort det mogeleg å gjennomføre kompetanseutvikling under koronapandemien. Delingskulturen er god, og tilsette støttar og styrkar kvarandre i faglege utfordringar.

I 2021 er det utarbeidd fleire rutinar og samarbeid med andre avdelingar som sikrar at tilsette handlar på ein fagleg god måte. Rutinane er god støtte i det daglege arbeidet og dei sikrar lik praksis i barnehagane. Dei fleste rutinane er utarbeidd i samarbeid med dei private barnehagane.

Nye rutinar for foreldresamarbeid vart ferdigstilt våren 21 og gjort gjeldande frå august 22. Det inneber lik kvalitet i førebuing og ved oppstart i barnehage, arbeid med foreldresamtaler gjennom året, samanhengar og overgangar i barnehagen og mellom barnehagar og i overgang mellom barnehage og skule.

Det er sett ned ei arbeidsgruppe som skal arbeide med plan for samanheng barnehage og skule. Det er utarbeidd rutine for samanheng barnehage –skule som er lagt i årshjul og sikrar struktur og møtepunkt. Planen skal seie meir om sjølve innhaldet i arbeidet med samanhengen og styrke samhandlinga mellom barnehage og skule som del av arbeidet med å bygge *laget rundt barnet*.

Nye og oppdaterte rutinar som skal vere ferdig dette barnehageåret:

- ✓ Rutine som gjeld det psykososiale barnehagemiljøet §§ 41-42
- ✓ Fleirspråklege barn – plan for oppstart – flytskjema
- ✓ Støttetiltak – oppdatert og justert etter lovendring, flytskjema – samarbeid med PPT
- ✓ Kommunale vedtekter – oppdatert og justert etter lovendring barnehagelov

Utviklingsarbeid

Dei kommunale og private barnehagane i Volda har tradisjon for å samarbeide, og mykje av kompetansehevinga vert gjort i fellesskap.

Regional ordning for kompetanseutvikling for barnehage (ReKomp).

ReKomp er barnehagebasert kompetanseutviklingstiltak som involverer heile personalet. Dette skjer i partnerskap med Høgskulen i Volda. Styringsgruppa i utviklingsarbeidet er barnehageleiarane. Vanylven kommune er vår samarbeidskommune i Sjustjerna. Det overordna temaet for kompetanseutviklinga er *læringsmiljø – leik og språk*.

Tema på den digitale fagdagen i august var *Inkluderande barnehagemiljø og ny lovgjeving*. Den andre fagdagen hadde tema *Språk og språkstimulering i barnehagen*. I tillegg til fagdagan har barnehagane hatt fire nettverksmøte der arbeidsgruppa deltek saman med 3-4 barnehagar og partnerar frå høgskulen.

Knapp tid til felles refleksjon og høgt sjukefråvær er hinder for kompetanseutviklinga også dette året.

Leiarane har to leiarsamlingar i Loen saman med alle leiarane i Sjustjerna på barnehage og skuleområdet. Tema er laget rundt barnet og endringsarbeid ei eigen organisasjon.

Tryggleikssirkelen (COS)

Dei siste åra har auka kunnskap om relasjonskompetanse og bruk av tryggleikssirkelen (COS) vore eit satsingsområde. Volda kommune har fått statlege midlar (BUFDIR) til opplæring i COS. Dei tilsette har fått tilbod om opplæring, og det er gjennomført opplæring med både heile og delar av personalgruppa. Hausten 21 vart det gjennomført to kurs for nytilsette. Fleire av barnehagane har COS sertifisert tilsett som skal rettleie og arbeide med COS i sin barnehage. Det vert gitt tilbod om foreldrekurs i COS parenting, og det er dette året gjennomført 6 digitale kurs.

Inkludering – psykososialt miljø

Inkludering er eit overordna prinsipp som ligg i visjon vår om trygge barn og unge som deltek, meistarar og lærer. Gjennom Voldaprojektet og COS har alle tilsette fått opplæring i korleis arbeide målretta for å sjå og bygge gode relasjonar til kvart einskild barn. Dei tilsette skal ha ei aktiv rolle i det førebyggjande arbeidet med psykososialt miljø i barnehagane. Barnehagane melder attende at dei har fått ny forståing for kva gode relasjonar og autoritative vaksne har å seie for barn si psykiske helse, og dei arbeider meir medvite for å skape eit psykososialt miljø der alle barn vert inkluderte.

Tilbakemelding frå styrarane er at endringa i barnehagelova, kunnskap om kva som påverkar det psykososiale miljøet, god struktur i organiseringa av dagen, tett foreldresamarbeid og tilgang til fagpersonar som kan rettleie, gjer at barnehagen meiner at ut i frå rammene dei har arbeider godt med læringsmiljøet. Gjennom styrka bemanning vil ein kunne vere enno tettare på barna og sikre eit godt læringsmiljø.

Barnehagen skal legge til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for sitt syn på barnehagen og delta aktivt i planlegging av verksemda. Ny tileigna kunnskap og forståing gjer personale meir lydhøre og merksame for barn sine behov. Synspunkta til barna vert vektlagt i samsvar med alder og modning og dei skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta.

Foreldreaktiv tilvenning

Nokre barnehagar prøver ut 5-dagars modell der foreldre/føresette nyttar meir tid og er aktivt deltakande i oppstarten for å trygge barnet. Målet er ei god tilvenning som gir barna tid til å gjere seg kjent, vil fremje trygge småbarn som kan trivast, leike, utforske og lære i barnehagen.

Vasstilvenning

Alle barnehagebarn i alderen 4-6 år får vasstilvenning 7-8 g. kvart år. Vi får midlar frå Statsforvaltaren til å gjennomføre tiltaket. Dette er eit tilbod som Volda kommune tidlegare hadde i samarbeid med VTI-symjegruppa. Tilbakemeldingane frå barnehagane er at dette er noko barna ser fram til.

Utanforskap

Barnehagane er involvert i prosjektet *Utanforskap – førebygging av radikalisering og voldeleg ekstremisme*. Målet er å utarbeide rutinar for varsling ved uro, og handtering av uro. Det er gjennomført samlingar med «ambassadørar» frå barnehagane. Charlotte Ingabire ved Volda læringscenter er koordinator for prosjektet.

Nettverk og tverrfagleg samhandling

Nettverka skal sikre fagleg utvikling på «sitt» område, og vere ein arena for erfaringsutveksling og samhandling. Dei tilsette har tilgang til følgjande nettverk:

- ✓ Spesialpedagogisk nettverk
- ✓ COS-nettverk
- ✓ Nytt på nytt (oppfølging av nyutdanna barnehagelærarar)
- ✓ Styrarnettverk
- ✓ TSG (tverrfagleg samhandlingsgruppe)
- ✓ Ressursteam barnehage

Det er ikkje alle nettverka som har vore like aktive dette barnehageåret på grunn av sjukdom og pandemien vi har stått i det siste året.

Resultatkvalitet

Foreldreundersøkinga 2021

Eit samla resultat frå dei barnehagane som gjennomførte foreldreundersøkinga i 2021 viser at foreldre i Volda på nokre indikatorar er meir nøgd enn foreldre i fylket og landet. På dei andre indikatorane svarar dei likt med andre.

	Volda	Møre og Romsdal	Landet
Ute og innemiljø	4,2	4,2	4,2
Relasjon mellom barn og vaksen	4,6	4,5	4,5
Barnet sin trivsel	4,9	4,8	4,7
Informasjon	4,3	4,2	4,3
Barnet si utvikling	4,8	4,6	4,6
Medverknad	4,4	4,3	4,3
Henting og levering	4,4	4,4	4,4
Tilvenning og skulestart	4,5	4,5	4,5
Nøgd med barnehagen	4,5	4,5	4,5

Kjelde: Udir Foreldreundersøkinga 2021



Resultata inkluderer både kommunale og private barnehagar.

Tilbakemeldingane frå styrarane i dei kommunale barnehagane i samband med foreldreundersøkinga syner at føresette er nøgde med trivsel og relasjonar, og minst nøgde med dei fysiske tilhøve i barnehagen , både inne og ute, og bemanningstettleik.

Ein av styrarane skriv:

«Eg vurderer årets resultat som bra og oppgang frå året før på alle punkt, så nær som to punkt der det var samme resultat. Det som eg tenker er det viktigaste området i undersøkinga er barna sin trivsel og utvikling, og der scorar vi veldig høgt. Der vi får lavast resultat, er på ute og innemiljø og bemanning og det er naturleg med tanke på at det er ein aldrande barnehage etter kvart og som har eit stort behov for oppussing inne. Lokala våre er det som får lavast poeng med 3,6. Lavaste poengsummen vi har fått er 3.1 på bemanning. Oppussing av lokala våre og bedre bemanning er tiltak som må til for at det skal bli fleire fornøgde foreldre.»

Avdelingsleiar si oppsummering og vurdering

Det har vore mykje merksemd på systemarbeid, tidleg innsats og førebyggjande arbeid i barnehagen dei siste åra. Barn sine behov for oppfølging krev at personalet er tilgjengelege og kan vere tett på.

Koordinator for støttetiltak fyl opp barnehagane og gir tilbakemelding på følgande:

«Barnehagane har i stor grad kompetanse til å arbeide førebyggjande og å handtere utfordringar, men dei har ikkje nok bemanning til å setje tiltaka ut i praksis. I nokre tilfelle ville barnehagen med auka bemanning klart å avhjelpe barnet sine behov innanfor det ordinære barnehagetilbodet».

Kommunestyret sitt vedtak om å styrke bemanninga til dei yngste barna i alle barnehagane er difor viktig og eit steg i rett retning. Tiltaket gjer at dei tilsette i større grad kan vere tett på og følgje opp dei yngste barna.

Personaltettleik og kompetanse hos dei tilsette (strukturkvalitet) vil påverke korleis samspelet mellom barn og vaksne (prosesskvalitet), som igjen har betydning for barna sin trivsel og utvikling i barnehagen (resultatkvalitet).

Desse områda på strukturkvalitet vil bidra til å betre kvaliteten på tilbodet til barn og tilsette:

1. Auka bemanning hos dei eldste barnehagebarna (3-5 år)
2. Betre det fysiske miljø inne og ute
3. Auka nærvær og stabilitet i personalgruppa
4. Digital infrastruktur og verkty

Områda ovanfor som går på strukturkvalitet, er dei viktigaste tiltaka for at barna skal få eit godt pedagogisk tilbod i barnehagane.

Vi ser at det å få betre kjennskap til kvarandre, mellom ulike einingar, vil føre til tettare samhandling, både internt og eksternt, og at ressursane vert sette inn der dei gir best effekt. Dei satsingane vi har sett i gang saman med nye tiltak komande år er framtidsretta for å fremje samhandlinga kring barn. Tiltaka vil bidra til å få oversikt over risikofaktorar i miljøa barn ferdast i, og at vi kan setje inn tidleg tiltak for å fremje ei positiv utvikling for barn og unge i Volda kommune.

Koronapandemien førte til store endringar, også dette året i barnehagen. Det siste året har vore meir krevjande enn året før. Enkelte periodar har sjukefråveret vore så høgt at vi har måtta redusert opningstida. Ein stor takk til styrarane og dei tilsette for eit stort engasjement, pågangsmot og handlingskraft og ikkje minst stor endringsvilje dette året. I tillegg til eit godt samarbeid med føresette har dette vore avgjerande for at vi har klart å skape gode oppvekstvilkår for barnehagebarna.

Grunnskule

Strukturkvalitet

Kommunale grunnskular

<p>Austefjord skule 1. – 7 kl elevtal 18 *</p> 	<p>Bratteberg skule 1. – 7 kl elevtal 193</p> 
<p>Dalsfjord skule 1 – 10. kl elevtal 41</p> 	<p>Folkestad skule 1. – 10. kl elevtal 62</p> 
<p>Mork skule 1. – 7. kl elevtal 85</p> 	<p>Øyra skule 1. – 7. kl elevtal 354</p> 
<p>Hornindal skule 1. – 10. kl elevtal 143</p> 	<p>Volda ungdomsskule 8. – 10. kl elevtal 311</p> 

*Austefjord skule vart lagt ned med verknad frå 01.08.21. Elevtalet var 18 på nedleggingstidspunktet. For dei andre skulane er elevtalet som er opplyst pr 01.10.21, og er tal innrapportert til Udir (GSI).

Prognose for elevtal i 1.klasse

	22-23	23-24	24-25	25-26	26-27	27-28
Mork	23	8	17	11	7	17
Øyra	78	72	91	71	58	80
Bratteberg						
Indre Volda	14	19	19	22	18	18
Folkestad	5	4	5	3	4	6
Dalsfjord/Ulvestad	10	4	7	4	8	4

Kjelde: Edlevo, som har generert sine tal frå folkeregisteret.

For Dalsfjord/Ulvestad skulekrins er det usikkert kor mange som vil velje privatskulen på Ulvestad. Erfaringsmessig fordelar dei nye 1. klassingane seg om lag 50/50 på den private og kommunale skulen.

Talet på elevar, skular, lærarar, lærarårsverk, spesialundervisning

Skuleår	17-18	18-19	19-20	20-21	21-22
Tal elevar	1285	1260	1242	1202	1189
Tal skular	9	9	8	8	7
Tal kontaktlærarar	83	91	87	84	86
Tal lærarar	153	154	154	150	150
Tal lærarårsverk	133,4	131,5	130,1	127,3	125,1
Tal årsverk anna personale	19,7	18,0	18,3	18,5	22,5
Tal årsvek til spesialundervisning	23,2	23,2	25,0	24,2	22,3

Kjelde: GSI. Tala viser Volda+Hornindal

Utgifter til grunnskuledrift 2021

	Volda	Kostragr 7	Møre og Romsdal	Landet u. Oslo
Netto driftsutg, skule	110 299	99 646	107 574	99 565
Skulelokale	25 142	20 399	19 950	21 253
Skuleskyss	1 532	2 525	2 566	2 424
Netto driftsutg SFO	3 365	5 281	5 772	6 838

Kjelde: Framsikt.net, som hentar tala frå SSB. Tala er pr innbyggjar 6-15 år, med unntak av SFO-tala som er 6-9 år.

Prosesskvalitet

Skulen arbeider på fleire måtar for å sikre ein god prosess, med tanke på best mogleg læringsutbyte og læringsmiljø. I heile arbeidet ligg det til grunn at vi som grunnskule skal oppfylle lov og forskrift. Særleg viktig er då sjølvstøtt opplæringslova, samt læreplanen som vart revidert i 2020 og går under nemninga *Fagfornyninga*.

Skulen som profesjonsfagleg fellesskap

Den viktigaste jobben skjer på den einstilte skule. Læreplanen sin overordna del skildrar skulen som profesjonsfagleg fellesskap der skuleutvikling skjer. Her vert det understreka at lærarar, leiarar og andre tilsette skal *reflektere* over felles verdiar, og *vurdere og vidareutvikle* praksisen.

Ein har ulike møtepunkt for å sikre dette. Årstegsteamet er viktig arena for å drøfte læringsresultat, resultat frå elevundersøkingar og korleis ein best kan tilpasse opplæringa for den einstilte eleven. Vidare har skulen utviklingstid (fellestid), der heile det pedagogiske personalet reflekterer over utfordringar og moglegheiter som ein har i det pedagogiske arbeidet. I 2021 har merksemda særleg vorte retta mot arbeidet med fagfornyinga, læringsmiljø og arbeid for å utvikle elevane sine grunnleggande ferdigheiter, der lesing har fått særleg merksemd.

Som samfunnet elles har grunnskulane også i 2021 vore prega av pandemien. Det har vore opplevd som eit særleg krevjande og arbeidssamt år, der moglegheitene for å samlast fysisk som eit profesjonsfagleg fellesskap til tider har vore avgrensa. I tillegg har sjukefråvær skapt utfordringar, og skulane melder om stor slitasje hos dei tilsette etter å ha vore igjennom ein krevjande periode med stort arbeidspress. Dei digitale løysingane har gjort det mogleg å oppretthalde eit forsvarleg nivå, og ein har lært å gjere seg nytte av plattformar som nok ikkje ville vorte brukt i same grad utan ein pandemi. På den positive sida har ein opplevd at vi på nokre område har effektivisert drifta vår, ved å nytte nye plattformar og løysingar.

Rektor ved Dalsfjord skule er ved kjernen av kva profesjonsfellesskapet skal tene til, når han seier at profesjonsfellesskapet og samarbeidet

gir alle involverte moglegheit til å drøfte kva elevane treng, sett frå ulike standpunkt. Ein får drøfte faglege aspekt, vurdere effekten av tiltak/metode osv.



Rutinar

Det følger av oppl.lov § 13-3e at kommunen skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatane frå nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører. Som eit ledd i dette forsvarlege systemet har grunnskuleområdet utarbeida fleire rutinar, som skal sikre lik praksis og tilbod for alle våre elevar. Rutinane skal og sikre at våre tilsette handlar på ein fagleg god måte, og gjennom det sikrar elevane sine rettar etter lov og forskrift. Til sist skal rutinane hjelpe skulane med å ha god, forsvarleg saksgang i dei ulike sakene ein jamleg kjem opp i. Det finst m.a rutinar for:

- Arbeid med saker i høve kap 9A i oppl.lov; elevane sin rett til eit trygt og godt læringsmiljø.
- Rutinar ved fråvær som uroar.
- Rutinar for overgang mellom barnehage og skule, og mellom barneskule og ungdomsskule.
- Rutinar for handsaming av skuleskyss
- Rutinar for spesialundervisning
- Rutinar for språkopplæring for minoritetsspråklege elevar.

Det finst og rutinar og retningslinjer for skulegudsteneste, når elevar har udokumentert fråvær, rutinar for søknad om elevpermisjon mm.

Rutinane vert opplevd som ei god støtte i det daglege arbeidet, og at det sikrar likebehandling i voldaskulen. Likevel er det nok som ein skuleleiar seier det, at vi ikkje

ønskjer å ta frå lærarane deira vurdering av kva som er rett løysing for den enkelte elev i gitte situasjonar, vi ønskjer at lærarane skal ha støtte i å bruke skjønn der det er mogleg og naturleg.

Rutinane skal aldri bli ei tvangstrøye, men vere eit støttande reiskap. Det føreset at skulane ser til at rutinane er godt kjende for alle tilsette. Dette krev eit systematisk arbeid i skulen sitt profesjonsfaglege fellesskap. Det er og viktig at fleire av rutinane er godt kjende for elevar og føresette, m.a rutinane som gjeld fråvær som uroar og arbeid med trygt og godt skulemiljø.

Utviklingsarbeid

Grunnskuleområdet har tradisjon for å utvikle ein felles læringskultur i heile kommunen, slik at kompetanseheving skal kome alle lærarar og andre tilsette til del.

- KFK (Kompetanse for kvalitet): om lag ti lærarar fekk støtte gjennom UDIR sine studieprogram, slik at dei tileignar seg formell undervisningskompetanse i fag, jf forskrift til opplæringslova – krav til tal studiepoeng i faga dei skal undervise i.
- SOL (Systematisk Observasjon av Lesing). Saman med opphavskommune Gjesdal fekk vi i stand ei digital løysing med fleire webinar som gir ei god innføring i verktøyet. Alle skulane nyttar dette fritt og gir god fleksibilitet i når og korleis ein arbeider med det.

- Skuleleiarmøtet er elles det mest sentrale møtepunktet for å sikre at alt som vedkjem lov, forskrift og skuleleiarrolla vert handsama godt, og den einskilde skuleleiar vert sett i stand til å gjere jobben sin best mogleg.



Fagfornyinga og implementering av denne var alle skulane sitt fokus også i 2021. I det regionale samarbeid er Volda og Vanylven samarbeidskommunar. Saman har kommunane definert læringsmiljø og lesing som særlege satsingsområde.

Med korte stikkord har fagfornyinga ført til:

- ✓ Færre kompetansemål, endra kompetansemål og kompetanseomgrepet har fått eit forsterka innhald.
- ✓ Innføring av tverrfaglege tema; *folkehelse og livsmeistring, bærekraftig utvikling og demokrati og medborgarskap.*
- ✓ At faga har fått kjerneelement
- ✓ At omgrepet djupnelæring har fått meir plass

Saman med fagfornyinga følger ei rekkje ressursar og støttemateriell gjennom Udir sine portalar, både til arbeid i det profesjonsfaglege fellesskapet, men og planleggingsverktøy for den einskilde lærar og det einskilde team. Alle skulane har tilgang til dette, og melder at dette

er aktivt nytta og til god hjelp. Kommunen får i denne prosessen også økonomisk støtte frå Udir til innkjøp av nye læremiddel, både digitale læremiddel og lærebøker i fag.

Læringsmiljø og det å sikre alle eit godt, trygt læringsmiljø er av dei viktigaste områda til skulen – om ikkje den viktigaste. Dette er jamleg tema i det profesjonsfaglege fellesskapet, og prinsippa og opplæringa ein har fått del i gjennom *Læringsmiljøsentret i Stavanger* vert nytta. Her omhandlar det i korte trekk kva som er mobbinga sin psykologi, korleis observere eit elevmiljø og korleis ein konkret tek hand om ei mobbesak gjennom samtalar, tydelege avtalar og tiltaksplan. Vidare vert det lagt stor vekt på alle dei viktige tiltaka som er av førebyggjande karakter:

- ✓ God klasseleing
- ✓ God relasjonsbygging mellom elev-lærer, og mellom elevane
- ✓ Det daglege klassemiljøarbeidet, med felles klassereglar som elevane sjølv er med og utarbeider og bestemmer
- ✓ Eit godt samarbeid med heimane der det er låg terskel for kontakt – begge vegar.

Opplæringslova slår fast at skulane skal *....arbeide kontinuerleg for å fremja helsa, trivselen og læringa til elevane*. I dette ligg det ei plikt at skulane skal ha systematiske planar for korleis dette skal gjerast. I voldaskulen vert dette løyst på litt ulike vis, der skulane set sitt «stempel» på det. Det alle skulane legg vekt på, er m.a:

- ✓ Felles klassereglar som vert utarbeidd i fellesskap
- ✓ Trivselsskapande fellesaktivitetar, t.d temaveker, fjelldagar, elevkveldar mm
- ✓ Stadig og jamleg fokus i profesjonsfellesskapet, der personalet arbeider med spesifikke tema innan læringsmiljø

Volda ungdomsskule har t.d ein miljøtenesteplan, der ei eiga miljøveke inngår. Denne miljøveka tek føre seg nettvett, psykisk helse og internt klassemiljøarbeid. Elles legg alle skulane vekt på å dyktiggjere sine tilsette, slik at alle vaksne er trygge vaksne som evnar å møte den enkelte sine behov. Bratteberg skule skriv i sin rapport at dei legg vekt på å ha ein *vi-skule*, der *alle* tilsette har ansvar for *alle* elevane. I møte med dei vaksne skal elevane oppleve at:

- ✓ Det er tryggleik og likeverd for kvar einskild
- ✓ Læringa vert basert på positive tilbakemeldingar i staden for å fokusere på det eleven ikkje meistarar
- ✓ Dei faglege krava er godt tilpassa den einskilde, og kva den einskilde elev må arbeide systematisk med for å utvikle seg.

Udir har elles utvikla ein digital kompetansepakke som tek føre seg trygt og godt læringsmiljø. Dette er eit omfattande og godt reiskap for skulane, og vert nytta i skulen sitt profesjonsfelleskap. Ein opplever desse reiskapane som ei positiv og god støtte.



PPT er ein viktig samarbeidspart i høve kompetanseheving og organisasjonsarbeid. Nokre av skulane får støtte frå PPT på eit slikt systemisk plan, det vere seg kompetanseheving innan t.d tema klasseleiing, korleis møte elevar med diagnose innan autismespekteret eller korleis møte elevar med emosjonelle tilknytingsvanskar.

Ei utfordring som vert opplevd aukande, er at elevar har ufrivillig skulefråvær. Pandemien har forsterka dette meir negativt. Det er fleire faktorar som spelar inn, og denne utfordringa fordrar nært og godt samarbeid mellom heim og skule, der ein og greier å samhandle godt tverrfagleg. Rettleiaren vår som omhandlar fråvær som uroar, skildrar ein tidleg innsats i desse sakene, og korleis ein skal arbeide når utfordringa er der. At elevane er til stades på skulen har mykje å seie for elevane si læring og behova for sosialt tilhøyr. Belastninga for den/dei det gjeld er store, og i eit langsiktig perspektiv kan ufrivillig skulefråvær også ha negative kostnader for vaksenlivet.

Skulane skal etter lova arbeide *systematisk* og *kontinuerleg* når det gjeld læringsmiljø. Ein av måtane skulane gjer dette på, er bruk av universelle program. For årsstega 1.-4. er det Zippy som vert nytta. Dette programmet lærer elevane korleis ein kan meistre dagleglivet sine utfordringar ved å identifisere og snakke om kjensler, og lærer korleis ein kan støtte kvarandre. Bruken av Zippy er forankra i kompetansehevingsplanen som er politisk vedteke.

Frå 5.-7. klasse (og i nokon grad på ungdomsskulen) har ein Smart oppvekst, som fokuserer på å utvikle eit fellesskap der alle opplever inkludering, livsglede, engasjement og håp. I botn ligg og at barn og unge skal verte robuste og takle det livet byr på av medgang og motgang.

På slutten av 2021 fekk Volda kommune tildelt prosjektmidlar frå UDIR til å arbeide målretta med psykisk helse i grunnskulen. Ein prosjektleiar er tilsett i 20% stilling, med varigheit ut skuleåret 22-23. Dette arbeidet skal føre til auka kompetanse hos dei tilsette, samt sørge for at det vert laga ein felles plan for førebyggjande arbeid med psykisk helse i grunnskulen. Denne skal gi skulane eit verkty for korleis ein systematisk i skuleløpet skal arbeide i lag med elevane i det som vedkjem psykisk helse. Dette arbeidet ser vi som sentralt i høve arbeidet med å gi elevane våre eit godt, trygt læringsmiljø.

Lesing er ei av dei fem grunnleggjande ferdigheitene. Utan gode leseferdigheiter viser det seg oftast at resten av skulearbeidet vert vanskeleg og. Volda kommune er ein SOL-kommune. SOL er eit observasjonsverktøy som skal gi lærar og elev god informasjon om kvar eleven er i leseutviklinga, og kva tiltak som er naudsynt for å kome vidare. Av det skulane legg vekt på ved leseopplæringa, kan nemnast:

- ✓ Kollektivt medvit om at alle lærarar er leselærarar.
- ✓ Fleksibel bruk av ressurs som er knytt til tidleg innsats; lesegrupper/lesesirklar
- ✓ Delta på lesekonkurransar og andre lesestimuleringsiltak
- ✓ Aktiv og medviten bruk av skulebibliotek
- ✓ Arbeide med lese –og læringsstrategiar; arbeide med omgrep, korleis arbeide med ein tekst mm

Nettverk og tverrfagleg samhandling

Fleire nettverk er etablert og godt gåande. Desse nettverka skal sikre ei fagleg utvikling for «sitt» område, og vere ein arena for erfaringsutveksling og samhandling. Desse nettverka har deltakarar frå fleire skular, og er samansett både av leiarar, lærarar og tilsette med anna fagleg bakgrunn. Desse nettverka er:

- IKT-nettverk
- MSP-nettverk (nettverk for dei som arbeider med elevar frå språklege minoritetar)
- SPU-nettverk (spesialundervisning)
- Innsatsteam mot mobbing
- TSG (tverrfaglege samhandlingsgrupper)
- Nytt på nytt (mentorprogram for nyutdanna lærarar)

Resultatkvalitet

Nasjonale prøver

Om nasjonale prøver seier Udir følgende:

Føremålet med nasjonale prøver er å gi skolane kunnskap om elevane sine grunnleggjande ferdigheiter i lesing, rekning og engelsk. Informasjonen frå prøvene skal danne grunnlag for undervøgsourdering og kvalitetsutvikling på alle nivå i skolesystemet.

Sjå elles avsnitt nedanfor resultata, i høve kva og korleis skulane arbeider i forkant og etterkant av prøvene. Samanlikningane tilbake til 2019/2020 er tal berre for gamle Volda kommune. Ein finn meir om nasjonale prøver og andre statistikkar via denne linken: <https://www.udir.no/tall-og-forskning/nye-analysebrett-for-statistikk/>



Nasjonale prøver engelsk – 5. årssteg

	Meistringsnivå 1	Meistringsnivå 2	Meistringsnivå 3
Volda	25.3	55.6	19.2
Møre og Romsdal	25.0	47.7	27.2
Landet	25.0	45.3	29.7
Kostragruppe 7	27.9	46.0	26.1

Utvikling, Volda siste tre år. Engelsk, 5. trinn.

	Meistringsnivå 1	Meistringsnivå 2	Meistringsnivå 3
19/20	23,1	48,1	28,8
20/21	39,1	40,0	20,9
21/22	25,3	55,6	19,2

Nasjonale prøver i lesing – 5. årssteg 2021

	Meistringsnivå 1	Meistringsnivå 2	Meistringsnivå 3
Volda	23.8	61.4	14.9
Møre og Romsdal	25.0	57.1	18.0
Landet	22.9	55.9	21.3
Kostragruppe 7	24.0	56.6	19.4

Utvikling, Volda siste tre år. Lesing, 5. trinn

	Meistringsnivå 1	Meistringsnivå 2	Meistringsnivå 3
19/20	15,4	59,6	25,0
20/21	25,7	46,8	27,5
21/22	23,8	61,4	14,9

Nasjonale prøver i rekning – 5. årssteg 2021

	Meistringsnivå 1	Meistringsnivå 2	Meistringsnivå 3
Volda	21.0	56.2	22.9
Møre og Romsdal	22.4	52.6	25.0
Landet	23.3	51.4	25.3
Kostragruppe 7	23.8	52.0	24.2

Utvikling, Volda siste tre år. Rekning, 5. trinn.

	Meistringsnivå 1	Meistringsnivå 2	Meistringsnivå 3
19/20	18,3	52,9	28,8
20/21	28,4	47,4	24,1
21/22	21,0	56,2	22,9

Nasjonale prøver lesing – 8. årssteg

	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Nivå 4	Nivå 5
Volda	9.0	14.3	44.4	18.8	13.5
Møre og Romsdal	10.7	19.6	43.3	19.8	6.7
Landet	9.8	17.2	41.3	21.8	9.9
Kostragruppe 7	10.1	18.8	42.7	20.2	8.3

Utvikling, Volda siste tre år. Lesing 8. trinn

	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Nivå 4	Nivå 5
19/20	8,2	11,8	39,1	28,2	12,7
20/21	4,9	16,3	43,1	21,1	14,6
21/22	9,0	14,3	44,4	18,8	13,5

Nasjonale prøver rekning – 8. årsteg

	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Nivå 4	Nivå 5
Volda	6.1	19.7	40.9	25.0	8.3
Møre og Romsdal	9.2	24.0	39.2	19.7	8.0
Landet	8.3	22.3	38.4	21.1	10.0
Kostragruppe 7	8.1	23.3	40.6	20.1	7.9

Utvikling Volda - siste tre år. Rekning 8. årsteg.

	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Nivå 4	Nivå 5
19/20	7,3	22,9	36,7	29,4	3,7
20/21	4,1	29,3	40,7	18,7	7,3
21/22	6,1	19,7	40,9	25,0	8,3

Nasjonale prøver engelsk – 8. årsteg

	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Nivå 4	Nivå 5
Volda	8.3	18.9	40.9	24.2	7.6
Møre og Romsdal	9.1	18.2	45.4	19.2	8.1
Landet	8.0	17.7	42.6	21.0	10.7
Kostragruppe 7	9.4	19.2	43.8	19.8	7.9

Utvikling, Volda – siste tre år. Engelsk 8. årsteg

	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Nivå 4	Nivå 5
19/20	10,0	15,5	40,9	21,8	11,8
20/21	4,9	28,7	44,3	14,8	7,4
21/22	8,3	18,9	40,9	24,2	7,6



Nasjonale prøver lesing – 9. årssteg

	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Nivå 4	Nivå 5
Volda	2.5	10.7	30.6	31.4	24.8
Møre og Romsdal	6.0	11.4	37.1	29.1	16.4
Landet	6.4	11.7	35.0	27.4	19.5
Kostragruppe 7	6.4	12.5	37.7	26.5	16.9

Utvikling, Volda – siste tre år. Lesing 9. årssteg

	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Nivå 4	Nivå 5
19/20	5,6	9,3	46,7	25,2	13,1
20/21	3,2	5,6	25,8	39,5	25,8
21/22	2,5	10,7	30,6	31,4	24,8

Nasjonale prøver rekning – 9. årssteg

	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Nivå 4	Nivå 5
Volda	2.5	13.3	34.2	33.3	16.7
Møre og Romsdal	4.4	14.1	37.9	25.8	17.8
Landet	5.0	15.3	34.4	26.6	18.6
Kostragruppe 7	*	*	36.8	25.6	16.4

*tal ikkje tilgjengeleg.

Utvikling, Volda – siste tre år. Rekning 9. årssteg

	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Nivå 4	Nivå 5
19/20	4,7	12,1	31,8	36,4	15,0
20/21	4,1	11,4	33,3	32,5	18,7
21/22	2,5	13,3	34,2	33,3	16,7



Skulane sitt arbeid med nasjonale prøver

Det er utarbeidd egne kommunale retningslinjer for gjennomføring av nasjonale prøver. I forkant har skulane tilgang til eksempelprøver. Desse vert gjennomført for at elevane skal verte kjent og trygg med prøveforma, og kva ein kan vente seg. Skulane driv ikkje intensiv og målretta førebuing til akkurat denne prøven, men legg vekt på ein undervisningskvardag med strukturert, variert og systematisk arbeid som i sin tur gir eit godt grunnlag for å meistre prøven.

Det viktigaste med prøver og kartlegging i skulen, er korleis ein følgjer det opp. Den viktigaste jobben skjer ute på skulane, og skulane skildrar følgjande korleis dette skjer:

- ✓ Intern skulering på fellestid/teamtid. Ein analyserer resultatata på sin skule, og identifiserer faktorar som kan forklare kvifor resultatet vart slik det vart – både ved gode og mindre gode resultat. Vidare set ein inn tiltak i høve det ein identifiserer som funn. Desse tiltaka kan til dømes vere:
 - Styrking i ei elevgruppe/mot elevar som strevar; intensiv opplæring i kortare eller lengre tid.
 - Intern skulering for tilsette; kompetanseheving i høve dei faglege utfordringane som vert avdekka.
 - Identifisere kva oppgåvetyper/emne som særleg går igjen som krevjande – planleggje og gjennomføre ei undervisning som kjem dette i møte.

- ✓ Vidareutdanne lærarar, slik at alle som underviser i faget har formell kompetanse som stettar krava i forskrift til opplæringslova. Dette er eit arbeid som vert gjort i tett samarbeid mellom den einskilde tilsett, skulen si leiing og sektor oppvekst.

- ✓ I dei tilfella nasjonale prøver overraskar negativt i høve enkeltelevar – gjennomføre vidare kartlegging med tanke på lærevanskar i ulik grad. Ein følgjer då planen for vurdering og kartlegging i voldaskulen som er utarbeida.

Standpunktkarakterar 2021

	Volda	Møre og Romsdal	Landet
Engelsk skriftleg	4.1	4.1	4.1
Engelsk munnleg	4.4	4.3	4.4
Spansk	3.9	4.3	4.3
Tysk	4.0	4.3	4.3
Kunst og handverk	4.5	4.5	4.5
Kroppsøving	4.6	4.6	4.7
Mat og Helse	4.4	4.6	4.6
Matematikk	3.8	3.8	3.8
Musikk	4.3	4.4	4.5
Naturfag	4.1	4.2	4.2
Norsk, hovudmål	3.9	4.0	4.0
Norsk, sidemål	3.9	3.9	3.9
Norsk, munnleg	4.3	4.4	4.4
KRLE	4.3	4.3	4.4
Samf.fag	4.3	4.4	4.4

Grunnskulepoeng 2021

Skuleår	16-17	17-18	18-19	19-20	20-21
Volda	41.5	43.1	43.1	42.9	42.1
Møre og Romsdal	41.3	41.8	42.0	43.1	43.0
Kostragruppe 07	41.0	41.7	41	41.7	42.2
Nasjonalt	41.4	41.8	42.0	43.2	43.3

Læringsmiljø 5.-10. årssteg

Det er obligatorisk for skuleeigar å gjennomføre elevundersøkinga på 7. og 10. årssteg. Kommunestyret har vedteke at Volda kommune i tillegg skal gjennomføre undersøkinga frå 5.-10. årssteg. Indeksane er sett saman av ulike spørsmål, som saman dannar ein indeks-score. Dersom ein ønskjer meir detaljar om dei ulike spørsmåla, finn ein dette på udir.no – [analysebrett](#).

7. årssteg

	Volda	K-gruppe 7	Møre og Romsdal	Nasjonalt
Læringskultur	3.7	3.9	3.9	3.9
Elevdemokrati og medverknad	3.6	3.7	3.6	3.7
Fagleg utfordring	3.9	4.0	3.9	4.0
Felles reglar	4.2	4.3	4.3	4.3
Trivsel	4.1	4.1	4.1	4.1
Meistring	3.9	3.9	3.9	4.0
Støtte frå lærarar	4.4	4.3	4.4	4.3
Motivasjon	3.4	3.6	3.5	3.6
Vurdering for læring	3.7	3.7	3.7	3.7
Støtte heimanfrå	4.1	4.3	4.1	4.2
Mobbing *	4.9	7.8	7.8	7.9

* Tal i prosent, kor mange elevar som opplever mobbing frå elevar og/eller vaksne på skulen 2-3 gongar i månaden eller oftare

10. årssteg

	Volda	K-gruppe 7	Møre og Romsdal	Nasjonalt
Læringskultur	4.1	3.8	3.8	3.8
Elevdemokrati og medverknad	3.6	3.4	3.2	3.4
Fagleg utfordring	4.4	4.3	4.2	4.3
Felles reglar	4.2	4.0	4.0	4.0
Trivsel	4.2	4.1	4.1	4.1
Meistring	4.0	3.9	3.9	3.9
Støtte frå lærarar	4.2	4.0	4.0	4.0
Motivasjon	3.5	3.4	3.4	3.4
Vurdering for læring	3.5	3.3	3.3	3.3
Støtte heimanfrå	4.0	4.1	4.0	4.1
Mobbing *	6.3	5.1	5.3	5.7

* Tal i prosent, kor mange elevar som opplever mobbing frå elevar og/eller vaksne på skulen 2-3 gongar i månaden eller oftare

For dei resterande årsstega, har vi samanlikningsgrunnlag berre med fylket og nasjonalt. Indeksane er litt ulike alt etter årssteg.

5.årssteg

	Volda	Møre og Romsdal	Nasjonalt
Trivsel	4.1	4.2	4.2
Støtte frå lærar	4.6	4.6	4.5
Støtte heimanfrå	4.2	4.2	4.3
Vurdering for læring	4.1	3.9	3.9
Læringskultur	4.1	4.0	4.0
Meistring	3.9	3.8	3.9
Motivasjon	3.8	3.7	3.8
Elevdemokrati og medverknad	4.0	3.8	3.9
Felles reglar	4.4	4.5	4.5
Mobba av andre elevar	4.4	4.6	4.5
Innsats	4.3	4.1	4.1
Fagleg utfordring	3.8	3.9	3.9

6. årssteg

	Volda	Møre og Romsdal	Nasjonalt
Trivsel	4.2	4.1	4.2
Støtte frå lærar	4.5	4.4	4.4
Støtte heimanfrå	4.2	4.2	4.3
Vurdering for læring	3.7	3.7	3.9
Læringskultur	4.1	3.9	4.0
Meistring	4.0	3.9	3.9
Motivasjon	3.6	3.6	3.7
Elevdemokrati og medverknad	3.7	3.7	3.8
Felles reglar	4.4	4.4	4.4
Mobba av andre elevar	4.6	4.6	4.6
Innsats	4.1	4.0	4.1
Fagleg utfordring	3.8	3.9	4.0

8. årssteg

	Volda	Møre og Romsdal	Nasjonalt
Trivsel	4.3	4.2	4.2
Støtte frå lærar	4.5	4.3	4.3
Støtte heimanfrå	4.2	4.2	4.2
Vurdering for læring	3.9	3.6	3.6
Læringskultur	4.1	3.9	3.9
Meistring	4.0	3.9	3.9
Motivasjon	3.8	3.6	3.6
Elevdemokrati og medverknad	4.0	3.6	3.6
Felles reglar	4.5	4.3	4.2
Mobba av andre elevar på skulen	4.8	4.7	4.7
Praktisk opplæring	3.6	3.4	3.4
Variert opplæring	4.2	4.0	4.0
Relevant opplæring	4.1	3.8	3.8
Innsats	4.2	4.0	4.1
Fagleg utfordring	4.3	4.2	4.2

9. årssteg

	Volda	Møre og Romsdal	Nasjonalt
Trivsel	4.2	4.1	4.1
Støtte frå lærar	4.2	4.1	4.1
Støtte heimanfrå	4.1	4.1	4.1
Vurdering for læring	3.6	3.4	3.4
Læringskultur	4.0	3.8	3.8
Meistring	4.0	3.9	3.9
Motivasjon	3.5	3.4	3.4
Elevdemokrati og medverknad	3.7	3.4	3.4
Felles reglar	4.3	4.1	4.1
Mobba av andre elevar på skulen	4.8	4.8	4.7
Praktisk opplæring	3.2	3.1	3.2
Utdanning og yrkesretteiing	3.7	3.4	3.4
Variert opplæring	3.9	3.7	3.7
Relevant opplæring	3.6	3.4	3.4
Innsats	4.0	3.8	3.9
Fagleg utfordring	4.1	4.1	4.2

Når skulane analyserer sine resultat, vel dei ut nokre indikatorar som dei arbeider vidare med.

Mobbetala er alltid ein av desse indikatorane. I arbeidet med å analysere sine resultat, legg ein vekt på medverknad frå elevar, lærarar og andre tilsette samt leiing. Saman definerer ein eit mål for neste elevundersøking, samt at ein kjem fram til tiltak for korleis ein skal løfte indikatorane ein har samla seg om.

Resultata vert også drøfta i SU og FAU, der tala ikkje er unnateke offentlegheit.

I saker som omhandlar utrygt skulemiljø (m.a grunna mobbing) nyttar skulane aktivitetsplanar. Desse planane skildrar tiltak, kven som er ansvarleg og set tidspunkt for evaluering og evt justering av tiltak. Ein aktivitetsplan skal ikkje avsluttast før det er konkludert med at eleven har det trygt og godt.

Målet er sjølvsagt at ein skal førebygge mobbing, slik at ein aktivitetsplan ikkje er nødvendig. Sjå elles tidlegare i rapporten for skildring av korleis skulane arbeider systematisk med læringsmiljøet.



Gjennomføring, vidaregåande skule – 2014-kullet

	Volda	Møre og Romsdal	Nasjonalt
Fullført i løpet av fem år – alle studieretningar	78,0%	80,5%	79,6%
Fullført i løpet av fem år – yrkesfagleg retning	47,1%	69,7%	70,8%
Fullført i løpet av fem år – studieførebuande program	93,3%	92,3%	89,1%

Tala som vist i tabellen er dei nyaste tala som er tilgjengelege.

Avdelingsleiar si oppsummering

2021 vart også eit annleis år, på mange måtar, tilsvarande som 2020. Også 2021 har vore prega av dei nasjonale restriksjonane, sjølv om Volda ikkje er den kommunen som har vore verken verst eller mest ramma i pandemien. 2021 nådde ein topp med svært stort fråvær for både lærarar og elevar siste to månadane før jul. Å drive skule med til tider stort fråvær av elevar og tilsette er krevjande. Ein har måtta nytta beredskapsplanar der ein har snudd om på skulen og SFO si organisering på dagen. Det står verkeleg respekt av den innsatsen og fleksibiliteten leiarane og dei tilsette har lagt for dagen.

Når situasjonen med pandemi har trekt ut også i 2021 ser vi at den har hatt konsekvensar. Vi kan ikkje dra alle slutningane men likevel kan vi seie noko om korleis biletet ser ut. Vi såg tidleg at ein del menneske bar preg av den spesielle tida. I 2021 såg vi auke i sjukefråvær i nesten alle einingane, både kort- og langtidsfråvær. Vi ser og ein auke i tal elevar med fråvær, også fråvær som uroar skulen. Skulane skal identifisere fråvær, ha tett oppfølging av desse elevane, og skuleeigar skal bli gjort kjend med sakene for å kunne følge opp skulane.

Når det gjeld oppfølging av resultatata frå elevundersøkinga og nasjonale prøver skal skulane sjølve gå i djupna på resultatata uavhengig om resultatata er betre eller dårlegare i høve andre eller tidlegare år. Å finne kunnskapen om tilstanden er utgangspunktet for å finne tenelege tiltak ein skal jobbe etter. Dette er skulane sitt hovudarbeid. Alt for at elevane skal ha det betre, lære og få vise sin kompetanse. Dersom enkelte resultat er særleg avvikande må dette sjølv sagt verte gitt ekstra merksemd.

Både tilsette, elevar og føresette har vore svært løysingsorienterte også i 2021. Ein vart meir digitale i 2020, og i 2021 ser vi ein positiv auke også i bruk av kommunikasjon mellom skule og heim i foreldreappen Edlevo. Dette er effektiv kommunikasjon på rett og sikker plattform.

Voldaskulen er delaktig i fleire tverrfaglege arbeid i sektoren i tillegg til å jobbe med fagfornyning, læringsmiljø, lesing, VFL, digital utvikling mm. Kunsten er å flette saman det vi jobbar med slik at det gjev god meining i skulen sin kontekst.

Vi såg i 2021 at skulane såg fram til å kome tilbake til «normalen», bur seg til det, og mange kjekke arrangement og aktivitetar er sett på planen for 2022. Dette er svært viktig for samhold og god sosial utvikling. Det er god helse i å få være saman!

Opp i alt søker skulane mot visjonen; at *Volda kommune har trygge barn og unge som deltek, meistrar og lærer.*



PPT

Årsmeldinga frå den interkommunale PP-tenesta ligg ved tilstandsrapporten i si heilheit.

Kommunalsjef si oppsummering

I 2021 vart det gjennomført fleire større strukturelle endringar i sektoren. Volda kommune kjøpte Bratteberg barnehage og avvikla drifta ved Sollia barnehage. Vidare vart Austefjord barnehage vart lagt ned som eiga eining, og vert no administrert frå Hornindal barnehage.

Austefjord skule vart lagt ned frå 01.08.2021.

Volda læringscenter flytta si drift frå Hamna 20 til Vikebygda skule.

Pandemien har prega aktiviteten i sektoren også i 2021. Høgt sjukefråvær har gjort det krevjande å oppretthalde drifta slik vi ynskjer det. Det har vore til hinder for den stabiliteten og kontinuiteten vi til vanleg har i vår aktivitet, men våre tilsette har strekt seg langt for å gje våre barn og unge eit godt tilbod, noko mange av resultatane frå elev- og brukarundersøkingar stadfestar.



I Unicef sin kommuneanalyse har ein sett på kor mykje kommunane brukar på tenester til barn og unge innan barnevern, kommunehelseteneste, barnehage, grunnskule og kulturtilbod. I analysen har ein også sett på kor god kvaliteten er på tenestene. Tabellen under viser Volda kommune si plassering i 2019, 2020 og 2021. Trass i lågare plassering i 2021 samanlikna med 2020, hevdar Volda kommune seg godt mot omliggande kommunar.

	Volda	Ørsta	Vanylven	Ulstein	Herøy	Hareid	Eid Stad 2021	Stryn
2019	83	224	69	226	279	301	71	302
2020	74	185	25	225	287	307	104	308
2021	232	282	99	241	252	262	269	277

Kjelde: https://www.unicef.no/sites/default/files/2021-08/Kommuneanalysen_2021_UNICEF_0.pdf

FHI utarbeider årleg ein oppvekstprofil på kommunane. I år er temaet kva sosial ulikskap har å seie for barn si helse og oppvekst. Temaet vert spegla i indikatorar og figurar.

OPPVEKSTPROFIL



Oppvekstbarometer for kommunen

I oversikten nedenfor sammenlignes noen nøkkeltall for kommunen og fylket med landstall. I figuren og tallkolonnene tas det hensyn til at kommuner og fylker kan ha ulik alders- og kjønns sammensetning sammenliknet med landet. Klikk på indikatornavnene for å se utvikling over tid i kommunen. I [Kommunehelse statistikkbank](#) finnes flere indikatorer og utfyllende informasjon om hver enkelt indikator.

Vær oppmerksom på at også «grønne» verdier kan innebære en utfordring for kommunen, fordi landsnivået ikke nødvendigvis representerer et ønsket nivå. Verdiområdet for de ti beste kommunene i landet kan være noe å strekke seg etter.

- Kommunen ligger signifikant bedre an enn landet som helhet
- Kommunen ligger signifikant dårligere an enn landet som helhet
- Kommunen er ikke signifikant forskjellig fra landet som helhet
- Kommunen er signifikant forskjellig fra landet som helhet
- Ikke testet for statistisk signifikans
- ◆ Verdien for fylket (ikke testet for statistisk signifikans)
- | Verdien for landet som helhet
- ▬ Variasjonen mellom kommunene i fylket
- ▭ De ti beste kommunene i landet

Ny

Tema	Indikator (klikkbare indikatornavn)	Kommune	Fylke	Norge	Enhet (*)	Oppvekstbarometer for Volda
Befolkning	1 Andel barn, 0-17 år	20,2	20,7	20,6	prosent	
	2 Innvand. og norskf. med innv.foreldre	11,0	14,4	19,5	prosent	
Levekår	3 Vedvarende lav inntekt	10	9,4	12	prosent	
	4 Vedvarende lav inntekt, lokal grense	8,5	9,1	12	prosent	
	5 Inntektsulikhet, P90/P10	2,6	2,6	2,8	-	
	6 Bor trangt, 0-17 år	15	14	19	prosent	
	7 Barn av enslige forsørgere	12,4	13,8	14,8	prosent	
	8 Barn med barnevernstiltak, 0-17 år	4,4	4,4	4,1	prosent	
Barnehage og skole	9 Bemanning i barnehage, oppfylt	100	62	69	prosent	
	10 Laveste mestringsnivå i lesing, 5. tr.	24	25	23	prosent (k)	
	11 Laveste mestringsnivå i regning, 5. tr.	27	23	24	prosent (k)	
	12 Trives på skolen, 7. trinn	82	87	88	prosent (k)	
	13 Mobbes på skolen, 7. trinn	5,9	5	5,9	prosent (k)	
	14 Gjennomsnittlig grunnskolepoeng	42,6	42,3	42,3	poeng (k)	
Fritid og nærmiljø	15 Gjennomføring i vdg. opplæring	79	80	78	prosent (k)	
	16 Fornøyd med lokalmiljøet, 2019	68	68	68	prosent (a,k)	
	17 Fornøyd med treffsteder, 2019	25	45	49	prosent (a,k)	
	18 Med i fritidsorganisasjon, 2019	66	67	65	prosent (a,k)	
	19 Fortrolig venn, 2019	87,3	89,1	90,1	prosent (a,k)	
	20 Ensomhet, 2019	22	21	22	prosent (a,k)	
Helse og helseatferd	21 Skjermtid over 4 timer, 2019	30	34	34	prosent (a,k)	
	22 Kan svømme, 17 år	93	88	87	prosent (k)	
	23 Fornøyd med helse, 2019	70	68	70	prosent (a,k)	
	24 Psykiske plager, 2019	16	14	15	prosent (a,k)	
	25 Psykiske sympt./lidelser, 15-24 år	145	164	166	per 1000 (a,k)	
	26 Søvnp problemer, 2019	28	26	28	prosent (a,k)	
	27 Trener sjeldnere enn ukentlig, 17 år	24	27	27	prosent (k)	
	28 Overvekt og fedme, 17 år	23	24	22	prosent (k)	
	29 Reseptfrie smertest. ukentlig, 2019	18	18	17	prosent (a,k)	
	30 Alkohol, har vært beruset, 2019	7,2	13	13	prosent (a,k)	

* Til punkt 12: Indikatoren er eit snitt for skuleåra 2018/2019 til 2020/2021. Det er resultatet for 2018/2019 som dreg ned resultatet på denne indikatoren. Dei to siste skuleåra er scoren på snitt med fylket og landet elles.

Med få unntak kjem Volda kommune godt ut på oppvekstbarometeret.

Trass relativt gode resultat på ulike målingar, er det barn og unge i kommunen som har det vanskeleg. Det har vore ein auke i tilvisingar til kommunepsykologen, og det har vore ein stor auke i talet på uromeldingar til barnevernstenesta. Vidare ser vi ein auke i talet på elevar med ufrivillig skulefråvær.

For å kunne møte desse utfordringane, har ein i sektoren halde fram arbeidet med å betre samhandlingsrutinane og skape auka forståing og innsikt på tvers av fagområda.

Dei tverrfaglege samhandlingsgruppene i barnehagar og skular som vart etablert i 2020, skal no vere innarbeidd i organisasjonen.

I tillegg er det sett i gong og planlagt fleire utviklingsarbeid for å vidareutvikle vår evne og kompetanse til tverrfagleg samhandling.

Barn og unge sine helsetenester

Det er starta eit [utviklingsarbeid saman med Helse Møre og Romsdal](#). Målet er å utvikle verkty som skal bidra til at fagfolk skal klare å gje barn og unge eit samanhengande hjelpetilbod. Målet er å ferdigstille verkty for dei vanlegaste psykiske helseplagene hjå barn og unge. Mange av tenestene i Volda kommune vil bli involvert i dette arbeidet.

Betre tverrfagleg innsats

Vidare er det innleia eit samarbeid med KORUS kring [Betre tverrfagleg innsats](#). Dette utviklingsarbeidet skal setje kommunen betre i stand til å hjelpe barn, unge og familiar som det er knytt undring eller uro kring. Målgruppa i dette arbeidet er alle i kommunen som arbeider med barn, unge og familiar.

Tidleg Inn

Helsestasjonen har starta opplæringsprogrammet [Tidleg inn](#). Dette utviklingsarbeidet har som mål å gje gravide og småbarnsfamiliar kompetent hjelp på områda rus, psykisk helse og vald.



Spesialundervisning og inkluderande praksis

Alle kommunar skal gjennom Udir sitt kompetanseløft [Spesialundervisning og inkluderande praksis](#) innan 2025. Volda kommune har valt å starte dette arbeidet og gjennomføre kartleggingsdelen av kompetanseløftet saman med Ulstein og Ørsta kommunar. Målet med dette arbeidet er mellom anna at alle barn og unge skal oppleve eit godt tilpassa og inkluderande tilbod i barnehage og skule.

Psykisk helse i grunnskulen

I tillegg til dette har Volda kommune søkt og fått midlar til kompetanseheving i psykisk helse i grunnskulen. Ein prosjektleiar er tilsett i 20 % stilling for å arbeide med denne kompetanseutviklinga. Kompetansehevinga har mellom anna som mål å styrke skulen sitt førebyggjande arbeid mot psykisk uhelse.

Kommunestyret har løyvd midlar til ny stilling som koordinator tidleg innsats. Denne funksjonen vil få ei nøkkelrolle i å koordinere mykje av dette utviklingsarbeidet.

I same vedtak løyvde kommunestyret midlar til å auke bemanninga mellom dei yngste barne i barnehagane, både kommunale og private. Kommunalsjef ser dett som eit viktig tiltak med tanke på tidleg innsats.

Kommunalsjef vil i tillegg rå til at bundne fondsmidlar vert omdisponert for å forlenge engasjementet til familie- og ungdomsrettleiaren.

Det store biletet viser at Volda kommune er ein god stad å vekse opp og at kommunen har gode tenester retta mot barn og unge. Samstundes er det område som krev merksemd og auka satsing, mellom anna gjennom dei utviklingsarbeida som er skildra over.



Vedlegg:

Årsmelding for interkommunal pedagogisk psykologisk teneste 2021.

Ulstein er vertskommune for den interkommunale PP - tenesta og samarbeidskommunane er Hareid, Volda og Ørsta. Samarbeidet vart etablert 1/8 – 2017. PPT har eit samarbeidsorgan, der kommunalsjefane og seksjonsleiarane for barnehage og skule utgjer samansettinga i samarbeidsorganet saman med ein representant for dei tilsette. Oppvekstsjef i Volda er leiar for samarbeidsorganet.

Organisering og stillingar

PPT er organisert med leiar, 3 teamkoordinatorar, administrativ konsulent, rådgjevarar og merkantil. Tenesta er inndelt i tre team, førskuleteam, barneskuleteam, team for ungdomsskule, vidaregåande skule og vaksenopplæring. PPT har til saman 18,55 stillingar, der 2,5 stillingar går til Fylkeskommunen. I 2021 hadde PPT til saman 78 einingar å yte teneste til. Fylket med dei vidaregåande skulane (VGO) har si eiga årsmelding.

Fordeling etter elev- og barnetal

Ressursane er fordelt på elev - og barnetal (GSI i 2020/2021) frå dei fire kommunane. Dette kjem fram i tabell 1. Det som er angitt i % er ressursfordeling per kommune.

Tabell 1

Elevtal frå GSI (skule og barnehage)	Henta frå GSI (år 2020/2021)	%
Ulstein	1 559	25,40 %
Hareid	900	14,66 %
Ørsta	1 923	31,32 %
Volda	1 757	28,62 %
Sum	6 139	100 %

Tabell 2

Kostnader for interkommunalt PPT i 2021 kjem fram i tabell 2. Tabellen syner og korleis kostnadane vert fordelt mellom dei fire samarbeidskommunane.

Kostnader interkommunalt PPT 2021

Lønn	15 575 928
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	754 997
Husleige/vask av lokalar	1 148 961
Refusjonar (sjukeløn/fødselspengar/OU-midlar/tilskot)	-403 163
Totale løns- og driftskostnader	17 076 723
Administrasjonskostnad	50 000
Total kostnad	17 126 723
Grunnlag for fordeling til fylkeskommune	17 126 723
Fordelt til fylkeskommune (2,5 stilling av 18,55 årsverk)	2 308 184
Grunnlag for fordeling av kostnadane mellom kommunane	14 818 539
Kostnad 2021 fordelt på deltakarkommunane	
Ulstein (25,40%)	3 763 170
Hareid (14,66%)	2 172 452
Ørsta (31,32%)	4 641 807
Volda (28,62%)	4 241 110

Mål for PPT og oppvekstsektoren

Det er eit mål at PPT til ein kvar tid skal arbeide etter gjeldande lover og forskrifter. Ein må og sikre at ein held tritt og arbeider etter politiske føringar, korleis dette skal utøvast i praksis må skje i nært samarbeid med leiinga i dei fire samarbeidskommunane.

Etter lova skal PPT bistå skule og barnehage med fyljande:

1. Kompetanseheving – dette er eit avgrensa og konkret arbeid. Kompetanseheving kan t.d vere lesekurs eller kompetanseheving rundt tilpassa opplæring for elevar med ADHD.

2. Organisasjonsutvikling – er eit endringsarbeid, som gjerne går over fleire år og som krev initierings -, implementerings - og vidareføringsfase. Dette arbeidet omfattar kunnskap og kompetanseheving til fleire eller alle i ein organisasjon eller i ei kommune.

3. Sakkunnig vurdering – PPT har 25 ulike paragrafer i lova som dei skal skrive sakkunnige vurderingar på. I tillegg til dette skriv PPT sakkunnige uttalar t.d i samband med dysleksi. Den største delen av arbeidet når det gjeld sakkunnig vurdering er § 5-1 i Opplæringslova Spesialundervisning og § 31 i Barnehagelova som omhandlar spesialpedagogisk hjelp. Spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp vert tilrådd der eleven/ barnet ikkje har tilfredstillande utbytte av det ordinære, inkluderande, tilpassa og likeverdige tilbodet.

Dei seinare åra har PPT sett ein aukande etterspørsel etter å skrive sakkunnig vurdering etter § 2-1 fjerde ledd i opplæringslova, heilt eller delvis fritak for opplæringsplikta.

Det er eit mål at oppvekstsektoren skal arbeide meir med langsiktig, felles utviklings - og endringsarbeid i tråd med overordna føringar og behov som er tilpassa den enkelte kommune eller eining. Målet i barnehage - og skulesektoren er å styrke det ordinære tilpassa, likeverdige og inkluderande tilbodet for heile mangfaldet. Det å sjå menneske som subjekt, ha fokus på ressurs - og mestringsperspektivet, løfte fram sterke sider og utviklingsmuligheitene til både organisasjon og det enkelte menneske er viktig med tanke på å utvikle menneske sin eigen verdi, sjølvverd og som likeverdig medborgar. Overordna føringar peikar og på at PPT i enno større grad skal bistå barnehagar og skular med kompetanseheving og organisasjonsutvikling. Barnekonvensjonen og barnet/eleven sitt beste står sentralt i alt vi gjer.

Leveranse av PP - teneste

Dei øvrige tabellane i årsmeldinga syner ei oversikt over søknad om bistand som kjem på bistandsskjema til PPT frå skule og barnehage/ heim. I tillegg peikar meldinga på status og tiltak som er sett i verk for å nå mål for arbeidet.

Tabell 3 og 4 syner:

Personsaker som er arbeid med sakkunnig vurdering/ uttale – aktive personsaker, nye saker, saker utan sakshandsamar, tal på utarbeida sakkunnige vurderingar og tal på avslutta saker fordelt på kommune.

Kompetanseheving/ organisasjonsutvikling syner tal på tiltaksmøte, aktive systemsaker, kompetanseheving, organisasjonsutvikling, avslutta saker og nye systemsaker.

Tabell 3 syner tal frå 2019, 2020 og 2021. Ein tar med dei føregåande åra for å samanlikne tala, slik at ein kan sjå endringar og utvikling siste åra.

Tabell 4 syner personsaker fordelt på kommune.

Tabell 3

		Ulstein			Hareid			Volda			Ørsta			Totalt 2019	Totalt 2020	Totalt 2021
		2019	2020	2021	2019	2020	2021	2019	2020	2021	2019	2020	2021			
Person saker	Aktive personsaker pr. 31.12	95	45	40	60	35	23	97	61	57	73	49	51	325	190	171
	Nye saker	32	25	50	16	21	37	44	44	81	42	43	93	134	133	261
	Saker u/sakshandsamar pr. 31.12	4	0	0	2	0	5	7	0	5	2	0	1	15	0	11
	Sakkunnig vurdering	90	50	52	32	33	26	82	72	73	81	59	94	285	214	245
	Avslutta saker	107	74	68	58	47	44	74	75	89	105	62	104	344	258	305
Komp.heving/ Organisasjonsutv.	Tiltaksmøte	18	32	35	14	19	30	17	48	39	30	60	75	79	159	179
	Aktive systemsaker pr. 31.12	9	11	13	3	13	14	2	26	33	3	7	9	17	57	69
	Kompetanseheving	1	3	6	1	12	11	1	26	32	3	7	7	6	48	56
	Org. utvikling	7	8	7	2	1	3	1	0	1	0	0	2	10	9	13
	Avslutta systemsaker	2	3	12	2	3	11	1	4	11	2	13	24	7	23	58
	Nye systemsaker	12	3	9	4	14	12	0	28	33	3	12	11	19	57	65


Det som er spesielt viktig å merke seg at her er den kraftige auken når det gjeld talet på nye personsaker, i alle fire kommunane. I tillegg til dette har og aktive systemsaker auka noko i alle kommunane. Når det gjeld talet på utarbeidde sakkunnige vurderingar, held dette seg nokså stabilt i Ulstein, Hareid og Volda, medan Ørsta kommune merka seg spesielt ut med ein auke på heile 94 sakkunnige vurderingar i 2021 mot 59 i 2020. Den svake auken i systemsaker, kan handle om at skular og barnehagar etterspør meir hjelp på kompetanseheving og organisasjonsutvikling enn tidlegare. Noko som er i tråd med målsettingane retninga for i PPT. Det kan og synet betre forståing og kunnskap om PPT sitt mandat. Tiltaksmøta er i stor grad på individnivå, det må vere ei framtidig målsetting å endre tiltaksmøta meir over på organisasjonsnivået.

Årsakene til den store auken er samansett, slik vi ser det så heng det saman med samfunnsutviklinga, økonomi, meir utfordringar med stress, psykiske lidningar hjå barn unge og familiar. I tillegg til dette ser vi ringverknader for skular, barnehagar og hjelpeapparatet etter korona. Det vert viktig å analysere årsaken til denne sterke auken som omhandlar søknad om bistand, samt avklare forventningar mellom kva rolle og ansvar som skal gjelde mellom skule, barnehage og PPT. Dette er ei viktig oppgåve for leiinga i kommunane, samt det å vidareutvikle kommunen sitt forsvarlige system § 13-10 i Opplæringslova.

Trass denne sterke auken i talet på saker, så har PPT greidd å halde seg innafor fristane når det gjeld å utarbeide sakkunnige vurderingar, men mot slutten av året såg vi at det blei svært utfordrande å halde fristane. Vi såg også at dette førte til at det blei utfordrande å få kapasitet til å arbeide godt nok med systemsakene. Det vert viktig å sjå på prioritering av PPT sine oppgåver opp i mot ressursane PPT har til disposisjon. Målet er meir arbeid med kompetanseheving og organisasjonsutvikling. Kompetanseheving som PPT har bistått einingane med er mellom anna langvarige og komplekse mobbesaker, høgt fråvær,

systemperspektivet, tankevirus, klasseleiing/ relasjonsleiing, Ross Greene – PGS, lesekurs, kurs i ADHD og tilpassa opplæring, korleis lukkast med fasane i endringsarbeid, ASK – alternativ og supplerande kommunikasjon. I tillegg syner det og kompetanseheving på det autoritative perspektiv, sjå menneske som subjekt/ aktør og verdisyn.

Tabell 4



Tiltak i denne perioden for å nå mål i arbeidet

Målet for PPT er å arbeide i tråd med lovkrava og kvalitetskriteria for PPT. Vi har hatt spesielt fokus på å arbeide med tiltak både internt i PPT og saman med leiarnivået i dei fire kommunane for å vidareutvikle gode system og kvalitet i arbeidet. Når det gjeld internt arbeid, så har PPT hatt stort fokus på fylgjande tiltak:

- Sakshandsamingstid – Hovudregelen er å lever sakkunnig vurdering innan ca 3. mnd. Vi har hatt stort fokus på å lage rutinar i alle fasane i arbeid med sakkunnig vurdering, frå vi får inn søknad og dokumentasjon frå einingane, sjølv utgreiingsfasen og avsluttings – og vidareføringsfasen. PPT har hatt stort fokus på å effektivisere sakshandsaminga, med kvalitet i alle ledd.
- Mal for sakkunnig vurdering med rettleiar – PPT har laga ny mal for grunnskule som er heilt oppdatert etter lova. Vi har lagt stor vekt på eleven og føresette sin medverknad. Vi har og hatt stort fokus på realistiske mål, samt kva muligheiter skulen har for å gi tilfredstillande, likeverdig og opplæring i det ordinære tilbodet. Rettleiaren som ligg ved malen skal hjelpe rådgjevarane i å utforme innhaldet i sakkunnig vurdering.
- Tiltaksmøte – Flytskjema som er ein del av kommunen sitt forsvarlige system etter § 13 – 10 i Opplæringslova, vert nytta i alle tiltaksmøter. PPT har hatt stort fokus på å vidareutvikle kvaliteten på tiltaksmøte saman med einingane. Alle skal vere godt budde til møte, med mellom anna å gjere eit grundig forarbeid. Målet er og å heve kvaliteten i det ordinære tilbodet, avklare lovverk, ansvar, roller og forventningar mellom barnehage, skule og PPT. Tiltaksmøte er enkelt å få i stand ved at barnehage

eller skule tek direkte kontakt med teamkoordinator på det aktuelle teamet i PPT, PPT kjem då inn i løpet av 14 dagar. Flytskjema har medført meir bevisstheit om kva lova krev i det ordinære tilbodet. Gjennom samarbeid, tiltak og god dialog har mange saker enda i at skulen eller barnehagen finn løysingar i det ordinære tilbodet. PPT ser at einingane etter kvart har eit større fokus på systemet rundt eit individ. PPT greier å påverke til at einingane ber om noko meir bistand på kompetanseheving og organisasjonsutvikling.

- PPT har vore med i kompetanseløft for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Ei ordning i regi av Udir. Skule, barnehage og PPT i Hareid har vore igjennom ei kartlegging av kompetanse. Formålet er å kartlegge kommunen sin samla kompetanse. Resultat frå undersøkinga skal brukast til å få innsikt i kompetansebehov, slik at ein kan sikre at kommunar har nødvendig kompetanse og tverrfagleg samarbeid i «laget til barna», til raskt å kunne gi eit inkluderande læringsmiljø og dekke behovet for særskilt tilrettelegging hjå barn og unge. Kartlegging av behov og kompetanseutvikling er basert på samarbeid mellom aktørane i «laget til barna/elevane» og universitet- og høgskulesektoren. Resultata frå kartlegginga vil og danne grunnlag for forskning, slik at det i neste omgang kan brukast i lærarutdanningane. Kompetanseområde som kom fram hjå PPT var mellom anna meir kunnskap og kompetanse på organisasjonsutvikling, samt det å drive utviklingsarbeid, ASK, språk og kommunikasjon, innagerande åtferd, inkludering og relasjonsleiing. Dette skal PPT bruke som utgangspunkt for strategiplan intern på PPT, samt å vidareutvikle kommunen sitt forsvarlige system §13-10 i opplæringslova.

Det å ha gode tiltaksmøte, effektiv sakshandsaming, utarbeide plan og avklare/avslutte sakkunnig vurdering er og viktig med tanke på å komme i posisjon til å arbeide meir med kompetanseheving og organisasjonsutvikling. Andre viktige tiltak for å nå mål for arbeidet er at PPT deltek på kompetanseheving, organisasjonsutvikling og samarbeidsarena utanom det som kjem fram i statestikken. Dette er møter eller samarbeidsfora som PPT deltek i ved dei ulike kommunane på ulike nivå i oppvekstsektoren. Desse fora er viktige for mellom anna å få til tilpassa opplæring, inkludering, samarbeid, felles forståing av lovverk, roller og ansvarsfordeling, meir felles forståing av systemperspektivet og vaksenrolla, haldningsendring og fylje overordna føringar for å nå målsettingane for arbeidet i oppvekstsektoren. Felles for alle kommunane er mellom anna møter i samarbeidsorganet, eigarmøter og møte med politikarane.

Her er ei oversikt på faste samarbeidsarena PPT deltek på i dei ulike kommunane. Det er viktig å merke seg at PPT har varierende deltaking i desse viktige samarbeidsfora. Rektormøte og styrarmøte er avgjerande for PPT å delta i for å kunne utvikle gode system og arbeidsmåtar til det beste for barn og unge. Det same gjeld for PPT si deltaking i ulike utviklingsarbeid som går føre seg på overordna nivå i samarbeidskommunane. Desse samarbeidsarena har gjort til at det vert etablert meir felles forståing for kva som er administrasjonen, barnehage, skule og PPT sine ulike roller og lovpålagte oppgåver.

Ulstein:

- Tverrfaglige samhandlingsmøter på overordna nivå
- Rektormøter og styrarmøter

- Arbeidsmøter
- Fast møte med vaksenopplæringa
- Det vart gjennomført tilsyn på førskuleområdet/ spesialpedagogisk hjelp i Ulstein kommune 2021 av Statsforvaltinga. Tilsynet viste at PPT stetta lova på området, men det vart peika på eit par forbedringsområder som omhandla mellom anna ei enno tydeligare framheving av barnet sitt beste i dei sakkunnige vurderingane, samt meir synleggjering av korleis PPT vekta føresette si stemme i sakkunnighetsarbeidet. Dette arbeidet fekk vi godkjenning på då vi sende inn tiltak til Statsforvaltninga.

Hareid:

- Tverrfaglige samhandlingsmøter på overordna nivå
- Rektormøter og styrarmøter
- Tverrfagleg samarbeid i alle skular og barnehagar
- Kompetanseløftet i regi av Udir
- Fast møte med vaksenopplæringa

Volda:

- Rektormøter og styrarmøter
- Ressursteam
- Fast møte med vaksenopplæringa
- Tverrfaglig samhandlingsgruppe (TSG) i alle skular og barnehagar

Hausten 2021 gjennomførte Volda kommune ei bruker undersøking av PPT. Etter at undersøkinga var gjennomført blei Ulstein kommune bedt om å gi svar til Volda kommune på ei rekke områder. Alle samarbeidskommunane fekk høve til å kome med sine kommentarar og innspel på det foreløpige svaret, som Ulstein kommune hadde utarbeida til Volda kommune. Ulstein kommune tok så stilling til i kva grad dei tok innspela frå samarbeidsorganet med i det endelige svaret til Volda kommune. Saka vart vidare tatt opp i kommunestyret i Volda den 17/2 – 22. Kommunalsjef for oppvekst Gry Nordal og leiar for PPT Ingrid Evebø Haug var inviterte til møte for å orientere om PPT, samt svare på spørsmål.

Ørsta:

- Tverrfaglige samhandlingsmøter på overordna nivå
- Rektormøter
- Fast møte med vaksenopplæringa
- Det vart gjennomført tilsyn på førskuleområdet/ spesialpedagogisk hjelp i 2021 av Statsforvaltinga.

Konklusjon og vegen vidare

Det å lage forsvarlige system i kommunane etter § 13-10 i opplæringslova er tidskrevjande. Endring tar tid, ein ser større grad av felles forståing av PPT sitt mandat, spesielt på leiarnivå.

Statistikken viser at det er ein sterk auke i søknad om bistand frå PPT på personsaker/ sakkunnig vurdering. Det er og ein svak auke i søknad om bistand som handlar om kompetanseheving og organisasjonsutvikling. PPT har totalt 261 nye personsaker i 2021 mot 133 i 2020.

Når det gjeld saker som omhandlar kompetanseheving og organisasjonsutvikling syner statestikken noko auke. Det er verd å merke seg at 179 av desse sakene er tiltaksmøter, dei resterande omhandlar anna type kompetanseheving og organisasjonsutvikling. Det er og verd å merke seg at vi no er med på alle rektormøter i samarbeidskommunane, dette er systemsaker som ikkje er tatt med i statestikken. Når det gjeld styremøte er vi fast med i Ulstein, Hareid og Volda.

Tiltak som PPT har sett i verk med å fylgje lova og kvalitetskriteria for PPT, har ført til ein tydeligare praksis som til dømes rolleavklaring, avklare ansvarsområder, tiltaksmøter, sakshandsamingstid og avslutting av saker. Dette har gjort til at PPT og oppvekstsektoren er meir i posisjon til å nå måla for arbeidet. PPT er blitt tydeligare og meir faglig kompetent. PPT er og meir tilgjengelege og medverkar til heilskap og samanheng. PPT kjem tidlegare inn og arbeidar meir førebyggjande, noko som er i tråd med kvalitetskriteria for PPT. Det er tydelegare forventningar, klarare rollefordeling og saksgang, frå tiltaksmøte, søknad om bistand, utarbeiding av utgreiingsplan og avslutting av personsak. Dette medfører at barn og elevar får tidlegare hjelp.

Når det gjeld andre tiltak og arena for samarbeid vil det vere viktig for PPT å fortsatt delta i kommunane sine overordna satsingar og utviklingsarbeid. Dette er avgjerande for å nå målsettingar for arbeidet rundt barn og unge. Målet er å inkludere mangfaldet av barn og elevar i fellesskapen. Det å utøve og finne eleven sine styrkar, mogelegheiter og behov står sentralt saman med Barnekonvensjonen. Målet er å styrke det allmennpedagogiske tilbodet slik at fleire elevar og barn får utbyte av opplæringa utan spesialpedagogiske tiltak. Det å snu fokus frå vanske med individ og over på kompetanseheving eller organisasjonsutvikling til dei tilsette i ein organisasjon vil ta tid. Dette føreset fagleg kompetanse, kunnskap om lovverk, tydelege og realistiske forventningar til PPT, barnehagane og skulane sitt arbeid og rolleavklaring mellom overordna nivå barnehage/skulen og PPT. Dette vil krevje kulturendring, haldningsendring, kunnskap og kompetanse på fleire nivå hjå alle samarbeidspartar.

Skal ein nå måla, så må ein samarbeide på fleire nivå, arbeide langsiktig og strategisk med utvikling og tiltak må prøvast ut over tid. På denne måten kan vi saman kome i enno betre posisjon i skule og barnehage til å arbeide meir med kompetanseheving og organisasjonsutvikling.

Ulsteinvik 28.03.22

Leiar for interkommunalt PPT

Ingrid Evebø Haug

